EGIL KLUBBEN:



JORDSKIFTE-DOMMEN

DOKUMENTASJON

Til **Ulvik 30.06.2026**

Alle det vedkjem

Voldgiftsdommen av 22. oktober 1943 er det dokumenterte rettslege utgangspunktet for eiendomsrett til Bergovegen i dag på gnr. 60 bnr.1.

Hardanger tingrett si behandling av den tinglyste voldgiftsdommen i orskurden av 18.10.2017

Ved orskurd av **18.10.2017** i sak **17-158331TVI-HARD** gav Hardanger tingrett Ulvik herad medhald i krav om mellombels åtgjerd. Egil Klubben vart pålagd å fjerne alle sperringar av Bergovegen, og Ulvik herad fekk rett til sjølv å fjerne sperringane dersom pålegget ikkje vart etterkome.

Orskurden vart avsagd **utan at Egil Klubben på førehand fekk kjennskap til kravet eller høve til å uttale seg**. Retten viser uttrykkeleg til tvistelova § 32-7 andre ledd og skriv at avgjerda vart teken utan føregåande munnleg forhandling og utan at saksøkte hadde fått kjennskap til kravet om mellombels åtgjerd.

Ulvik herad bygde kravet sitt mellom anna på:

- den tinglyste voldgiftsdommen av 22.10.1943,
- «Semja» frå 1954,
- vedtak sak 66/1960,
- ekspropriasjonsskjønnet,
- overskjønnet,
- kommunen si overtaking av vedlikehaldet i 1964,
- og andre dokument kommunen meinte dokumenterte eigarskap.

Retten hadde såleis den tinglyste voldgiftsdommen som ein del av saksgrunnlaget.

Samtidig inneheld orskurden **inga rettsleg vurdering av den tinglyste voldgiftsdommen**. Retten tok ikkje uttrykkeleg stilling til den rettslege betydninga av den tinglyste voldgiftsdommen:

- kva rettsverknad den tinglyste voldgiftsdommen frå 1943 har,
- om voldgiftsdommen framleis er bindande,
- om han er sett til side,
- eller kva rettsleg grunnlag som eventuelt har erstatta den tinglyste rettstilstanden.

Retten byggjer i staden avgjerda på tvistelova sine reglar om mellombels åtgjerd og vurderer at det er tilstrekkeleg sannsynleggjort at Bergovegen må haldast open av omsyn til dei som bur langs vegen, kommunale tenester og naudetatar.

Den tinglyste voldgiftsdommen frå 1943 regulerer samstundes, etter sitt innhald, bruksrettane til Bergovegen, kven som har rett til å nytte vegen og på kva vilkår. Voldgiftsdommen var ein del av det dokumentgrunnlaget kommunen sjølv la fram, men retten drøfta ikkje kva rettsleg betydning denne hadde ved vurderinga av kravet.

Det dokumenterte faktum er derfor at Hardanger tingrett gav Ulvik herad medhald i krav om mellombels åtgjerd og påla Egil Klubben å fjerne sperringane, utan at orskurden inneheld ei uttrykkeleg rettsleg vurdering av den tinglyste voldgiftsdommen frå 1943 eller av kva rettsleg betydning denne hadde for spørsmålet om bruken av Bergovegen.

Dette er eit sentralt dokumentert forhold i saka, fordi den tinglyste voldgiftsdommen inngjekk i saksgrunnlaget, medan retten si avgjerd utelukkande byggjer på vilkåra for mellombels åtgjerd etter tvistelova.

Sakens kjerne – den tinglyste reguleringa av Bergovegen og pålegget om å fjerne sperringar

Kjernen i saka er forholdet mellom den tinglyste voldgiftsdommen av 22. oktober 1943 og Hardanger tingrett si orskurd av 18. oktober 2017 om fjerning av sperringar på Bergovegen.

Den tinglyste voldgiftsdommen regulerer bruken av Bergovegen. Dommen fastset kven som har bruksrett til vegen, kva vilkår bruksretten byggjer på, betaling, vedlikehald, kostnadsdeling og bortfall av bruksrett ved manglande oppfylling av dei fastsette vilkåra.

Voldgiftsdommen er tinglyst. Den er dermed ikkje berre eit historisk dokument, men er den registrerte rettstilstanden for eigedomen. Det er denne tinglyste reguleringa som dokumenterer kven som kan bruke vegen og på kva vilkår.

Ved begjæring om mellombels åtgjerd i 2017 bygde Ulvik herad sjølv kravet mellom anna på den tinglyste voldgiftsdommen frå 1943. Voldgiftsdommen var derfor ein del av saksgrunnlaget retten hadde framfor seg.

Likevel avsa Hardanger tingrett orskurd 18.10.2017 der Egil Klubben vart pålagd å fjerne sperringar på Bergovegen. Orskurden vart avsagd utan føregåande munnleg forhandling og utan at Egil Klubben på førehand fekk kjennskap til kravet eller høve til å kome med tilsvar, jf. retten si eiga grunngjeving med tilvising til tvistelova § 32-7 andre ledd.

Retten vurderte vilkåra for mellombels åtgjerd og la til grunn at det var tilstrekkeleg sannsynleggjort at Bergovegen måtte haldast open. Orskurden inneheld derimot inga sjølvstendig rettsleg vurdering av den tinglyste voldgiftsdommen frå 1943.

Retten tok ikkje stilling til:

- kva rettsverknad den tinglyste voldgiftsdommen hadde,
- kven som etter voldgiftsdommen hadde bruksrett til Bergovegen,
- kva vilkår voldgiftsdommen stilte for bruk av vegen,
- om bruksrettar etter voldgiftsdommen var oppfylte eller bortfalne,
- kva rettsgrunnlag som eventuelt hadde endra eller erstatta den tinglyste reguleringa,
- eller korleis eit pålegg om å fjerne sperringar skulle sameinast med den tinglyste rettstilstanden.

Pålegget om å fjerne sperringar gjaldt ikkje berre fysiske hinder. I denne saka var sperrespørsmålet direkte knytt til den tinglyste reguleringa av bruken av Bergovegen. Når den tinglyste voldgiftsdommen regulerer kven som kan bruke vegen og på kva vilkår, får eit rettsleg pålegg om å fjerne sperringar direkte betydning for gjennomføringa av den tinglyste rettstilstanden.

Det dokumenterte faktum er derfor at Ulvik herad bygde begjæringa på den tinglyste voldgiftsdommen, medan retten gav pålegg om fjerning av sperringar utan å drøfte kva rettsleg betydning den tinglyste voldgiftsdommen hadde for bruken av vegen.

Dette er sakens kjerne:

Ein tinglyst voldgiftsdom regulerte bruken av Bergovegen. Ulvik herad bygde saka si mellom anna på denne voldgiftsdommen. Retten påla likevel fjerning av sperringar utan å vurdere den tinglyste voldgiftsdommen som rettsgrunnlag for reguleringa av vegen.

Den vidare analysen må derfor ta utgangspunkt i den dokumenterte rettstilstanden: kva voldgiftsdommen faktisk regulerer, og kva rettsleg grunnlag som eventuelt kan forklare at den tinglyste reguleringa ikkje vart lagt til grunn ved pålegget om å fjerne sperringar.

Samla dokumentert konklusjon

Den dokumentasjonen som er gjennomgått i denne betenkninga viser følgjande:

1. Den tinglyste voldgiftsdommen av 22. oktober 1943 vart tinglyst 27. januar 1944 og regulerer bruken av Bergovegen.
2. Hordaland tingrett legg i kjennelsen av 23. april 2024 til grunn at voldgiftsdommen:
    - aldri er angripen ved ugyldigheitssøksmål,
    - er rettskraftig,
    - er tvangsgrunnlag,
    - og skal anerkjennast og fullbyrdast etter sitt innhald, såframt voldgiftslova § 46 ikkje er til hinder.
3. Den dokumentasjonen som er gjennomgått identifiserer kommunale vedtak, rekneskap, tilskot, overtaking av vedlikehald, ekspropriasjonsskjønn, overskjønn og seinare rettsavgjerder.
4. Den dokumentasjonen som er gjennomgått identifiserer vidare at:
    - søknaden av 06.06.1964 gjaldt overtaking av vedlikehald og forskottering av fylkestilskot,
    - kommunen sjølv seinare omtala vedtaket som kommunalt vedlikehald,
    - kommunen dokumenterte skiljet mellom overtaking til drift/vedlikehald og overtaking til eige,
    - og kommunen opplyste at overskjønnet frå 1961 ikkje vart fullbyrda etter skjønnsprosesslova § 57.
5. Den dokumentasjonen som er gjennomgått identifiserer ikkje:
    - noko dokumentert ugyldigheitssøksmål mot voldgiftsdommen,
    - noko dokumentert avgjerd som kjenner voldgiftsdommen ugyldig,
    - eller noko dokument som dokumenterer at voldgiftsdommen er sletta frå grunnboka.
6. Hardanger tingrett si dom av 02.08.2018 byggjer mellom anna på at det «må ha forelegge avtalar». Hordaland tingrett si kjennelse av 23.04.2024 byggjer på ekspropriasjonsskjønna frå 1960–1961 og kommunalt vedtak frå 1964. Den dokumenterte gjennomgangen viser at desse avgjerdene byggjer på ulike premiss.

Den dokumentasjonen som er gjennomgått identifiserer ikkje dokumenterte forhold som oppfyller dei rettsmidla eller dei innvendingane som voldgiftslova oppstiller i §§ 6, 42, 44 siste ledd, 45 og 46. På grunnlag av den dokumentasjonen som er gjennomgått og dei lovføresegnene som er analyserte i denne betenkninga, er den tinglyste voldgiftsdommen av 22. oktober 1943 den dokumenterte rettstilstanden for eigedoms- og bruksforholda til Bergovegen på gnr. 60 bnr. 1.i Ulvik.

Rettsverknaden etter voldgiftslova § 44 siste ledd

Den dokumentasjonen som er gjennomgått i denne betenkninga viser at den tinglyste voldgiftsdommen av 22. oktober 1943 i seinare rettsavgjerder og kommunale disposisjonar er behandla som om han ikkje lenger bind partane.

Samtidig identifiserer den dokumentasjonen som er gjennomgått ikkje:

- noko dokumentert ugyldigheit av voldgiftsavtalen,
- eller nokon dokumentert avgjerd som kjenner voldgiftsavtalen ugyldig.

Voldgiftslova § 44 siste ledd fastset den rettslege konsekvensen av at ein voldgiftsdom blir sett til side.

Rettsverknaden følgjer direkte av lova.

Lova fastset at når voldgiftsdommen blir sett til side, blir voldgiftsavtalen igjen verksam, med mindre grunnlaget for tilsidesetjinga også medfører at voldgiftsavtalen er ugyldig.

Den dokumenterte gjennomgangen identifiserer ikkje dokumentasjon på at voldgiftsavtalen er ugyldig.

Den rettslege konsekvensen som følgjer direkte av voldgiftslova § 44 siste ledd er derfor at voldgiftsavtalen igjen blir verksam.

Dette er ikkje ei føresetnad eller ei hypotese, men den rettslege konsekvensen lova sjølv knyter til den situasjonen som er dokumentert gjennom den dokumentasjonen som er gjennomgått.

Med helsing

Egil Klubben

Avskrift av
Vedlegg til
Voss sorenskrivarembete dagbok nr. 64 27/9 1944

1.

Ekstrakt - Utskrift

av rettsboka for utskiftingsformannen i Hardanger vedrørande utskifting over Bergo- Hydle -Skeie og Hjelmevoll i Ulvik herad.

Slutta 22.oktober 1943.

År 1943 den 26.juni vart det sett utskiftingsrett på gr.nr. 60 br.nr. 1 Bergo i Ulvik herad i huset til Anders Ø.Bergo.

Rettsstyrar : Utskiftingsformann Olav Meland.

Utskiftingsmenn: Gardbrukarane Per Lid frå Voss og gardbrukar Samson M.Rondestveit frå Ulvik.

Begge utskiftingsmennene hadde før gjort teneste ved forretningen.

Sak: Fortsatt utskifting av utmarka til Bergo - Hydle - Hjelmevoll og Skeie.

Pånytt vart lagt fram orginalkartet over skiftefeltet der delingsplan var utrekna,ein hadde vidare tilstades skifterekningane I møte som utskiftingsretten hadde med partane 22.juli 1942 var vist utkast til delingsplan,som partane etter synfaring og vising i marka,fekk høve til å uttala seg om i møte 24.juli 1942. Det var dette utkastet som nå ~~i~~ delvis omrekna vart visa partane pånytt. Ein har nå søkt å ta omsyn til dei anker som var reist mot planen i møtet 24,juli 1942. Det omrekna planutkast vart visa dei møtande på kartet.

Disse partar møtte: Sem Dalaker,Ingvald Bergo,Leif Hjelmevoll,Jon Hjelmevoll med verge Sjur Sponheim,Svein Ystås,Johs. Hydle,Sylfest Bergo,Håkon Opedal,Nils Bratteteig,Johs.Røgenes for Synneva Bergo (Ivar Ager),Pål Bergo,Anders Bergo,Knut Skeie og Arne Hydle. Knut N.Håheim som etter det opplyste nå er blitt eigar av br.nr. 2 i Skeie var varsla,men møtte ikkje. Formannen las opp det som var tilført rettsboka i

møte 22.og 24 juli 1942,dessutan vart lese brev frå Håkon Opedal dagsett 1.august 1942 og brev frå Ingvald Bergo dagsett 4.april 1943. Begge disse breva omhandlar planspørsmålet innan skiftefeltet. Saman med partane tok ein pånytt synfaring og visa dei endringar som var gjort i det første planutkast.

Under synfaringa uttala Håkon Opedal at han var betre nøgd med det utkast som var visa under møtet ifjor,en det som nå førelåg da han syntes teigen var meir avskåren på vestsida og tillagt meir på austsida,enn han fann tenleg. Svein Ystås var nå nøgd med planen. Dei andre partar hadde heller ikkje så særleg å merka ,sånær som verja til Jon Hjelmevoll og Representanten for br.nr. 7 under Hydle Johs. Hydle Den siste protesterte mot at bruket vart lagt så langt nord som til grensa mot Aurdal. Verja til Jon.Hjelmevoll Sjur Sponheim fann at br.nr. 2 i Hjelmevoll hadde misst. formykje slåtteland i Øyane og ikkje fått tenleg land i staden. Han heldt vidare fram at da bruket før hadde lite innmark var dette utkastet ikkje tenleg da bruket misste dette slåttelandet. Det kan merkast at eigedomen til br.nr. 2 i Hjelmevoll og eigedomane til br.nr. 1 Og 2 i Hydle ,nå er tillagt eigaren av br.nr. 1 i Aurdal Lars O.Aurdal.

Retten skal merka at dei såkalla Øyane er tillagt br.nr. 1 i Aurdal for å få ein betre og meir samla skifteplan for heile skiftefeltet og i det tilstøytande skiftefelt,Hakestad-Opheim -Aurdal. Øyane støyter til innmarka til br.nr. 1 i Aurdal og ligg sers lageleg til for dette bruket, som ved denne ordninga kjem i samanheng med si utmark på austsida av elva Tysso. Når det gjeld ankemålet til representanten for br.nr. 7 i Hydle så kan ein merka at dette bruket er resten av eit større bruk som er blitt oppdelt i fleire mindre

Såleis er såvel br.nr. 3,4 og 6 deler av det opprinnelege bruk.Dertil kan merkast at det opprinnelege bruk før hadde ein skogteig i Tungeteigen,men som ved skylddeling halden 27.september 1883 er fråskilt hovudbruket og seinare seldt til eigaren av br.nr. 4.

Ved makeskifteskøyte dagsett 24.oktober 1798,tinglyst 20. oktober 1809 er der makeskift ein gard på Hjelmevoll,nå br. nr. 1 mot ein gard på Opheim nå br.nr. 5. Ved dette skøyte blir gardane bytte,men garden Hjelmevoll held undan stølane Fitjo og Gunnarsæte,som på denne måten kom til å bli bruka av eigaren på Opheim.På same måte held den gamle eigar av Opheim unden sine stølar Sotnås og Tyssedal som på denne måte kom til å bli bruka av eigaren av Hjelmevoll. Innan for disse stølar vart skogen liggjande som før. Hjelmevoll vart eigar av sine gamle skogteigar i feltet ved Fitjo og Gunnarsæte og eigaren av Opheim hadde framleis sin gamle skog på Sotnås. Nå er også Sotnås under utskifting. Under det skifte som nå føregår måtte stølsretten - eller beiteretten i Fitjo feltet reknast ut etter Hjelmevoll sin andel og stølsretten - eller beiteretten i Sotnåsfeltet reknast ut etter den andel nåverande br.nr. 5 har i Opheim.Å byta om skogteigane er heilt uråd,så for å få skog og beite til å fylgjast måtte ein atter byta beiterettane om, slik at Hjelmevoll fekk sin beiterett attende i Fitjo og br. nr. 5 i Opheim fekk sin beiterett utlagt i Sotnås. På dette viset blir det nå same eigar av beite som skog ,såvel på Fitjo som Sotnås. Etter dette er nå Fitjo og Sotnåsfeltet skift. Stølane ~~Fitj~~ Gunnarsæte og Tyssedal er haldne utafor utskiftingen og eigedomstilhøva blir slik som sagt i ovanemde makeskifteskøyte.

Måndag 28.juni var retten saman med partane frå Bergo og Sjur Børsheim,og merka yttergrensa mellom Bergo og Børsheim.

Partane vart samde kvar grensa skulle gå og den vil seinare bli merka i marka. Om ettermiddagen tok retten synfaring saman med representanten for br.nr. 7 i HydleJohs. Hydle,og visa den teig i grensa mot Aurdal som nå er utlagt til br.nr. 7. Johs.Hydle hadde nå ingen merknad til utkastet.

Ingvald Bergo hadde merknad til skiftelinja ved Litlastøl og meinte grensa burde leggjast lenger nord mot stølstreet til Pål Bergo,da han med ei slik ordning vilde få betre tilkomst til teigen aust for Litlastøl. Han var viljug til å la Pål Bergo få att lenger heime ved bøgaren. Etter å ha granska tilhøva kan retten gå med på endringa,slik at Invald Bergo får sitt krav stetta. Pål Bergo hadde ingen merknad til endringa.

Etter å ha granska det omrekna utkast til delingsplan nøye har retten samrøystes kome til det resultat at det omrekna og nå viste planutkast er det beste ein kan finna og blir difor å leggja til grunn for utskiftingen.

Landmålar Sigurd Haaheim får fullmakt til å merka dei nye skiftelinjer,herunder får han høve til å føreta mindre rettingar av linjene ifall det skulle visa seg at dei på ymse stader skulle liggja ulageleg i marka.

Kostnaden

.....-----------Kr. 92,30

Kr. 92,30 vart betalt ved Anders Bergo.

Da ein ikkje kunne gjera noko meir før linjene var merkeat vart forretningen utsett på uviss tid. Utskiftingsmennene har fått sitt.

Olav Møland. Per Lid. S.M.Rondestveit.

År 1943 den 20.oktober vart det atter sett utskiftingsrett på gr.nr. 60 Bergo i Ulvik herad i huset til Anders Bergo. Retten var den same som ved det

ð.

forrige møte,utskiftingsformann Olav Møland og gardbrukarane Per Lid og S.M.Rondestveit.

Grenselinjene var nå utsette i marka og blir skrevne såleis:

Yttergrensa

tar til ved Tysso,i grensa til gr.nr. 67 br.nr.2,Prestteigen,går langs innmarksgrensa til dette bruk i retn. S.V.-S.ca.127 m. til gamal kross (1) i bøgaren.Vidare i same retn.mot innmarka til gr.nr. 68 br.nr. 2 Hydle ca.16 m. til gml.merkestein (2). Her vinklar grensa i retn.S. ca. 37 m. til gml. kross i berg (3).Herfrå i retn.S.S.V. ca. 64 m. til eit punkt på austre eller nedre sida av riksvegen. Frå dette punkt støyter skiftefeltet mot innmarka til gr.nr. 60 br.nr. 1 Bergo -Lille og fylgjer bøgaren først i retn. N.N.V.-V.,så i retn S.V. og til slutt i sudleg retn. til gml. merkestein (4) i grensa mellem innmarka til gr.nr. 60 og gr.nr. 61 br.nr. 1 Bergo -Midtre. Frå dette punkt støyter skiftefeltet mot innmarka til gr.nr. 61 br.nr. 1 og går i retn. V.31,3 m. til kross i stein (5), s.r. 41,4 m. til merkestån (6) Her vinklar grensa i retn. S.V. 61 m. til kross i berg (7),s.r. 35 m. til kross i stein (8),s.r. 43 m. til gml. merkestein (9) i grensa mellom innmarka til gr.nr. 61 br.nr. 1 og gr.nr. 62 br.nr. 2.Vidare i s.r. mot innmarka til gr.nr. 62 br.nr. 2 ca. 39 m. til kross i berg (10). Vidare i retn.S.V.-V. ca. 35 m. til merkestein (11),derpå i retn. S.V. ca. 32 m. til kross i berg (12) i grensa mellom innmarka til gr.nr. 62 br.nr. 2 og gr.nr. 61. Frå dette punktet støyter skiftefeltet på nytt til innmarka til gr.nr. 61 br.nr. 1 og fylgjer bøgjerdet først i retn. V.N.V.,så i retn. V.S.V. og S.V. ca. 250 m. til der grensa mellom innmarka til gr.nr. 61 og gr. nr. 62 br.nr. 1 støyter mot skiftefeltet. Vidare mot innmarka til gr.nr. 62 br.nr. 1 i retn.S.V. ca. 180 m. til merkestein (13) i innmarksgrensa mellom gr.nr. 62 br.nr. 1 og gr.nr. 62 br.nr. 3. Frå dette punktet grensar innmarka til gr.nr. 62 br.nr. 3 mot skiftefeltet og fylgjer bø-

garen i retn. S.V. 37 m. til merkestein (14),omtr. s.r. 24,6 m. til merkestein (15) nokre meter S.V. for stølsvegen frå gr.nr. 62 br.nr. 3 til Litlastøl. Vidare langs bøgaren for innmarka til ovanemde bruk i retn. S.V. til der grensa mellom skiftefeltet og den felles utmark til nabogarden Børsheim tar til.Vidare grensar utmarka til Børsheim mot skiftefeltet og har retn. V.S.V.-V. ca. 21 m. til kross i stein (16) ,s.r. ca. 51,5 m.,41,5 m. til krossar i stein (17-18),s.r. ca. 111. m. til kross i berg (19),s.r. ca. 54. m.til kross i stein (20),s.r. ca. 81 m. til kross i berg (21) og s.r. ca. 71 m. til merkestein (22) på vestsida av bekken frå Rundekjødn. Frå eit punkt som ligg 14,3 m. aust for merke nr. 20 til merke nr. 22 er det br.nr.2 , eigar Ivar Børsheim som eig skogen mot skiftefeltet,i resten av grensa for Børsheim mot skiftefeltet er det br.nr.1 eigar Sjur Børsheim som eig skogen. Frå merkestein nr. 22 har grensa retn.V.N.V.-V.$\frac{1}{2}$.V.ca. 78 m. til merkestein nr.(22b.) og s.r. 35,6 m. til gml. merkestein (23) i foten -eller austre ende av berglaget ,sør for Litlastøl,som grensa mellem Børsheim og skiftefeltet vidare fylgjer. Merke nr. 16-22 og 23 er gamle merke,men på nyo oppfriska. Fra merke nr. 23 vinklar grensa og fylgjer øvre kant av berglaget i retn.V.S.V.-V. ca.31,5 m.til kross i berg(24). Vidare i noko meir sudleg retn.25 m. til do (25),s.r. 48,5 m.til do. (26). Herfrå i retn. V.S.V.-V. ca. 43 m. til do. (27).Framleis etter berglaget i retn.V.S.V. 60,5 m. til do. (28),s.r.ca. 80 m. til do. (29) på vestsida av bekken frå Gunnarsæte,s.r. ca. 37 m. ,52 m.,66 m.,67 m.og 49 m. til krossar i berg (30-34).Herfrå i litt meir sudleg retn.ca. 65 m. til do. (35).Vinklar så i retn. S.V. ca. 71,5 m,76. m.og 75 m.til krossar i berg (36-38). Merke 29 til 37 er

gamle grensemerke mellom utmarka til Børsheim og Skeieslia innan skiftefeltet,nå på nyo oppfriska. Frå merke 38 går grensa framleis langs berglaget i retn. S.V-V. ca. 51 m. til kross i berg (39). Herfra i retn. S.V. ca. 95 m. til kross i stor stein i enden av berglaget (40).Her vinklar grensa mot triangelpunktet på Kvasshovden i retn. N.V.-V. framleis mot utmarka til Børsheim -Skitnasæterlia 43 m. til merkestein (41) s.r. 54,1 m.,29,7 m.,50 m. og 96,7 m. til krossar i berg (42 - 45),der grensa mot Børsheim og skiftefeltet sluttar. Frå nr. 45 grensar feltet mot Bergo-Lille,Hydle,Skeie og Hjelmevoll si felles stølsmark og har retn. N.O. 102,8 m.,92,4 m. og70,3 m. til krossar i berg (46-48),s.r. 123,2 m. til kross i stein (48 b.)og s.r. 66 m. til kross i berg (49) på nedre Gunnarsæte. Vidare i retning N.N.O.-N.½.N.ca.73 m. til kross i berg (50),på sudsida av Gunnarsætebekken. Her vinklar grensa mot Lyngehammaren i retn. N.O.-N. 53,5 m.,56,7 m. og 91,5 m. til krossar i berg (51-53 , den siste er gamal kross på høgste Lyngehammaren,nå oppfriska.Herfrå i retn.N.O.-O. ca.125 m.til kross i berg (54).Her vinklar grensa i retn. N.N.V.,framleis med den felles fjellmark på vestre -eller øvre side og skiftefeltet på motsette side- 91,7 m.,67, m.til krossar i berg (55-56) s.r. 42,4 m.til merkestein (57) som og tenar som merke i skoggrensa mellom Littera J gr.nr. 68 br.nr. 3 Hydle ,eigar Sem Dalaker og littera I gr.nr. 68 br.nr. 2 ,eigar Sverre H.Opedal. Frå merke 57 s.r. 45,1 m. til kross i berg (58) på berghammaren ovafor eller vestafor "Gunnarsætebrura",vidare s.r. 105,3 m. til merkestein (59) ,s.r. 87,3 m. til do. (60) som samstundes er merke i skoggrensa innan stølsmarka mellem litr.I og litr. H. gr.nr. 68 br.nr. 1,eigar Svein S.Ystås,s.r. 37 m. til kross i berg (61) ,s.r.55 m. til merkestein (62),sett i skoggrensa mellom liter.H.Svein S.Ystås og liter.N.gr.nr. 69 br.nr. 1 Skeie, eigar Knut Skeie,s.r. 69,5 m. til do. (63),s.r. 44,7 og

48,3 m. til krossar i berg (64-65),den siste er gamal kross i skoggrensa mellom litr. N.Knut Skeie og litr. O.gr.n.r 69 br.nr. 2,Skeie,eigar Knut N.Haaheim,s.r. 31,9 m. og 98,5 m. til krossar i berg (66-67) og vidare ca. 27 m. til bekken som er grense mellom skiftefeltet og fjellmarka til gr.nr.53 og 58 Prestegarden og Aurdal. Grensa fylgjer bekken nedover i ret.N.O. ca. 55 m. til kross i stor stein mitt i bekken (68) Her vinklar grensa i retn. V.N.V. og er framleis grense mellom fjellmarka til Prestegarden og Aurdal på øvre eller sud-vestre side og skiftefeltet på mótsett side ca. 259 m. til kross i berg (69) i vegen til Grostøl og Kleppe. Herfrå i retn. N.V.½.N.ca. 235 m. til kross i stor stein (70) ved Grostølselva nedafor Grostølsfossen og vidare ca. 4 m. til Grostølselva.

Skiftefeltet er i nord avgrensa av utskiftingsfeltet Hakestad og Aurdal si utmark frå der ovaforskrevne grense når Grostølselva til denne renn ut i Tysso.Grensa for feltet fylgjer for den største delen av denne strekning nordsida av Grostølselva med undantak nede ved den store holmen midtveis i Tongeteigen.Der er grensa mellom skiftefeltet den same som den gamle eigedomsgrense midt etter holmen. Der Grostølselva renn ut i Tysso vinklar grensa og fylgjer Tysso i nordleg retn.til der grensa mellom Hydleøyane på nordre sida av Tysso og innmarka til Aurdal gr.nr. 58 br.nr. 1,eigar Lars O.Aurdal tar til. Her tar grensa retn. O.N.O.-O. ,går gjenom ein gml. merkestein ved elvekanten og fylgjer bøgjerdet mellom dei ovafor nemde bruk ca. 29 m. til gml. merkestein. Her vinklar grensa i retn. O.S.O.-O. og går framleis etter bøgjerdet ,gjenom gml. merkestein,ca. 180 m. til Tysso. Herfrå og til utgangspunktet for yttergrensa er Tysso grense på nordsida for skiftefeltet.

9.

Skiftelinjene.

1.skiftelinje er grense mellom litr. I. gr.nr. 68 br.nr. 2 Hydle,Sverre H.Opedal på sudsida og Litr. G.gr.nr. 67 br.nr.2 Prestteigen.,Jon Hjelmevoll på motsett side.Grensa tar til i merke nr. 1 i yttergrensa,har retn. V. 10,8 m. til do. (71), og vidare 2,5 m. til grensa for riksvegen.

2.skiftelinja er grense mellom litr.G.Jon Hjelmevoll på sudsida og Litr. A. gr.nr. 60 br.nr. 1 Bergo -Lille,Anders Bergo på motsette side. Grensa tar til i utgangspunktet for yttergrensa, har retn. S.V. ca. 7 m. til merkestein (72),s.r. til kross i veimuren for Riksvegen (73).

3.skiftelinje er grense mellom litr. A.Anders Bergo,på nordaust. og søraustsida og litter.G. Jon Hjelmevoll på motsette sider.Grensa går ut frå Tysso i retn.S.O.-S. lo m. til merkestein (74),s.r. 24 m. til kross i berg (75),s.r. 22 m. til merkestein (76) og s.r. 2 m. til grensa for Riksvegen. Herfrå langs grensa på nedre eller nordsida av Riksvegen i retn. V.S.V.-V. ca. 40 m. .Her vinklar grensa i retn.S.V.-S. krysser vegen og går ca. 24 m. til kross i berg (77),s.r. 44 m. til kross i stein (78).Herfrå i retn. S.V.-S. 1/4.S. 80,3 m.til merkestein (79), s.r. 59,7 m. til kross i berg (80),s.r. 65,7 m., 39,5 m. til krossar i stein (81-82),s.r. 54,8 m. til merkestein (83) s.r. 93,9 m. og 76,5 m. til krossar i stein (84-85) og s.r. 63 m. til merkestein (86),som er hjørnepunkt i grensa mellom lir.A. Anders Bergo,Litr. G. Jon Hjelmevoll og Litr. D.gr.nr. 62 br.nr. 2 Synneva I.Ager,der grensa endar.

4.skiftelinje er grense mellom Litr. A. Anders Bergo på nordaustre side og Litr. D.gr.nr. 62 br.nr. 2 ,Bergo -Store Synneva I.Ager på motsett side. Grensa tar til i merke nr. 86 ,har retn. S.O.,14,9 m. til kross i stein (87),s.r. 29 m. til merkestein (88), s.r. 45,3 m. til kross i stein (89) og s.r. 41,9 m.til kross i

berg 10 i yttergrensa.

5.skiftelinje er grense mellom litr. G.Jon Hjelmevoll på nordvestre og litr. D.Synneva I.Ager på motsett side. Grensa tar til i merke nr. 86 ,har retn. S.V.-S. 28 m. til kross i stein(90),s.r. 24,5 m. til merkestein (91),hjørnepunkt i grensa mellom litr. D,G, og B.gr.nr. 61 br.nr. 1 Bergo-Midtre, Pål Bergo.

6.skiftelinje er grense mellom litr. D.Synneva I.Ager på nordaustre og litr. B gr.nr. 61 br.nr. 1 Pål Bergo på motsette side.Grensa går ut frå merke nr. 91 ,har retn. S.O. 24,4 m. til merkestein (92),s.r. 38,5 m. til kross i stein (93) og s.r. 49,7 m. til kross i berg 12 i yttergrensa.

7.skiftelinje er grense mellom litr, E.gr.nr. 62 br.nr. 3 Bergo /Store,Sylfest M.Bergo på sud-sudost sida og litr. C.gr.nr. 62 br.nr. 1 Ingvald Bergo på motsette side.Grensa tar til i merkestein nr. (15) ved bøgjerdet for litr. E.si innmark,har retn.V.S.V.½V.,41,2 m. til kross i stein (94). Grenselinja er her og innem over myrane den same som den gamle skoggrense mellom dei ovafor skrevne bruk. I merke 94 vinklar grensa i retn. V.S.V.-V.,66,6 m. og 25,6 m. til krossar i stein (95-96). Den siste er gml. (96), kross i skoggrensa på nordsida av tømmervegen frå Smytte,på nyo oppfriska,herfrå litt meir sudleg 50 m. til merkestein (97),s.r. 132 m. til kross i stein (98),og s.r. 89 m. til merkestein (99) som og var gamalt merke i skoggrensa. Herfrå i retn.V.S.V. ca. 264 m. til merkestein (100). Denne er det siste merke i den gamle skoggrense som nyttast i den nye skiftelinje. Herfrå fortset grensa i s.r. over nordenden av Rundekjødn 98 m. til kross i stein (101) i vestre kanten av Kloppmyr, s.r. 42,8 og 54 m. til merkesteinar (102-103) den siste innpå Litlastølstreet til gr.nr. 62 br.nr. 3,s.r. 49,3,88,8 og 87,6 m. til krossar i berg (104-106),nr. 104 er hoggen

inne på Litlastølstræet,s.r. 78,9 m. og 87,7 m. til merke-
steinar (107-108).Den siste på nordsida av ein liten bekk som
renn ut frå Gunnarsætebekken heimover mot Litlastøl. Herfra i
retn. S.V.-V. over Gunnarsætebekken,52,2 m. til merkestein (109)
på vestsida av bekken s.r.70 og 57 m. til krossar i berg (110-111)
s.r.66,69,60,178,5 og 50 m. til merkesteinar (112-116). Herfra i
retn. S.V.,66 m. til kross i berg (117),s.r. 58 og 57 m. til
merkesteinar (118-119) og s.r.45 m. til kross i berg nr.43 i
yttergrensa mot Børsheim. i Skitnasæbelia.
S.skiftelinje er grense mellom litr. G.Ingvald Bergo på sudaustre
og sudvestre side og litr. B.Pål Bergo på motsatte sider. Grensa
tar til ved innmarka der grensa mellom dei tvo bruka på innmarka
skjærer bøgjerdet,fortset etter den gamle sokggrensa mellem
bruka i den same retn.S.O.-S. ca. 23,5 m. til kross i stein (120),
s.r. ca. 52,41,og 6,9 m. til krossar i berg (121-123),den
siste i nordkanten av stølsvegen til Litlastøl. Merki (121-122)
er merke i den gamle skoggrense,på nyo opatfriska. I merke 123
tar grensa retn. V.S.V.-3/4.V.,54,4 m. til kross i berg (124),
s.r. 64,5 m.,56,6 m.,88 m.,62,3 m. og 71 m. til krossar i stein
(125-129). På denne siste strekning kryssar skiftelinje støls-
vegen tvo gonger. Den siste krossen i stein (129) på nordsida
av vegen,vidare s.r. 79,3 m. 146,6 m. til merkesteinar (130-131),
den siste på vestsida av myra ved Lomakjødn,s.r. 59,4 m. til do.
(132),s.r.56,6 m. til kross i stein (133) på austsida av Klopp-
myr,s.r. over Kloppmyr 114,4 m. til merkestein (134) på vestsida
av myra og på nordsida av stølsvegen. Her vinklar grensa i
retn. V.S.V.,37,2 og 56,7 m. til krossar i berg (135-136),s.r.
69,4 m. til merkestein (137,s.r. 71,2 m. til kross i berg (138)
på sudsida av garen rundt Litlastølstræet til litr. B. Pål
Bergo,s.r. på sudsida av stølsgaren og vidare opover lia 78,9 m.
til merkestein 139 der grensa vinklar i retn. V.N.V.-N.1/4.N.

og vidare over Svarthammaren 61,3 og 34,5 m. til merkesteinar (140-141),s.r.58,2 og 35,5 m.til krossar i berg (142-143),den siste oppå Svarthammaren,s.r. 42 m. til merkestein (144) og s.r. 26,5 m. til merkestein(145) i grensa mot litr.F. gr.nr. 67 br.nr. 1. der denne ~~li~~.og 11 skiftelinje sluttar og 9.linje tar til.

9.skiftelinje er grense mellom litr. C.Ingvald Bergo på sud og sudaustre side og litr. F.gr.nr. 67 br.nr. 1 Hjelmevoll.Leif Hjelmevoll på motsett side. Grensa tar til i merke nr. 145 i endepunktet for 8.og 11. skiftelinje har retn. S.V.-V. ca.36,5 m. til merke nr. 54 i yttergrensa.

10.skiftelinje er grense mellom litr. B. Pål Bergo på sudsida og litr. G. Jon Hjelmevoll på motsett side.Grensa tar til i merke nr. 91 der 5.skiftelinje endar og 6.tar til. Grensa har retn. V.S.V. 67,7 m. til merkestein(146).s.r. 61,56,4, 47,4 og 77,8 m. til krossar i stein (147-150),.til endepunktet for 10 og 14 og utgangspunktet for 11.skiftelinje.

11.skiftelinje er grense mellom litr. B. Pål Bergo på sud og vestsida og litr. F.Leif Hjelmevoll på motsette sider.Grensa tar til i merke nr. 150 i endepunktet for 10.og 14.linje,har same retn. som 10.linje,V.S.V.,53,1,46,0,36,7 ,58,1 Og 175 m. til krossar i stein (151-155),den siste på vestsida av Myra ved Lomakjødn,s.r. 29,8 m. til merkestein (156),s.r. 59,9 m. til kross i berg.(157),s.r. 54,9 m. til kross i stein (158) s.r. 44,2 m. til kross i berg (159) på høgste Lomakjødnhøgda,vidare s.r. over Lødalen 72,5, 55,48,3 og 29 m. til krossar i stein.(160-163). Merke nr. 160 er kogge i ein stor stein på austsida av myra nede i Lødalen,s.r.38 m. til merkestein (164).der grensa vinklar og tar retn. N.V.26,5 m. til kross i berg (165),s.r. 36,4 m. til merkestein (166) s.r. 71,4 m. til do. (167) på øvre side av Skubbamyr aust for Litlastøl,og vidare s.r. 57,7 m. til kross i berg (168) i austre kant av berglaget på Svarthammar. Herfrå fylgjer grensa den gamle skoggrense mellom

litr. B.og J.langs øvre eller nordre kant av berglaget i retn. S.V.-V.43 m. og ca. 60 m. til krossar i berg (169-170),s.r. 27,5 m. til merkestein (171) s.r.ca.40 m. til kross i stein (172),s.r.69 m. til merkestein (173),s.r. ca.89 m. til kross i berg (174) oppå ei skarp bergnov,herfra i lttt meir vestleg retn.103 m. til merke nr. (145) i endepunktet for 8.og utgangspunktet for 9.skiftelinje.

12.skiftelinje er grense mellom litr. G.på søraust og sørsida og den felles oplagsplass ved Tysso på motsette sider.Grensa tar til ved Tysso i Kross i berg (175) på nordsida av veien til stølen Fitjo,har retn. S.O. ,15,3 m. til kross i berg (176). Herfrå i retn. V.N.V.,16 m.til merkestein (177) i utgangspunktet for 13.og 14.skiftelinje.

13.skiftelinje er grense mellom litr. F.Leif Hjelmevoll på sudvestre og nordvestre sida og den felles opplagsplass ved Tysso for gr.nr. 67,68 og 69 på motsette sider.Grensa tar til i merke nr.177 og går i retning V.N.V. 19 m. til merkestein (178). Herfrå i retn. N.V.46,5 m.til merkestein (179). Vinklar i retn.N.O. krysser vegen til Ftjo,42 m.til merkestein (180) og vidare 4,5 m. til Tysso.

14.skiftelinje er grense mellom litr. G.Jon Hjelmevoll på sudaustre side og litr. F.Leif Hjelmevoll på motsett side. Grensa går ut frå merke nr. 177 i grensa for den felles opplagsplass og har retn. S.V.-S.,55 og 58 m. til merkesteinar (181-182),s.r. 82,4 og 59,3 m. til krossar i berg (183 -184),s.r. 53,4 m.til merkestein (185),s.r.47,7 m. til kross i stein (186),s.r. 74 m. til merkestein (187),s.r. 92 m. til kross i stein (188),s.r. 84,5 m. til merkestein (189), på høgste furuhaugen mellom myrane som linja går over.Vidare s.r. 121 m. til kross i stein -(190) og s.r. 42 m. til merke nr. 150 i endepunktet for 10,og utgangspunktet for 11.skiftelinje

15.skiftelinje er grense mellom litr. F. Leif Hjelmevoll på sudaustre og sudsida og litr. J gr.nr. 68 br.hr.3 Hydle, Sem Dalaker på motsette sider. Grensa tar til ved Tysso og går i retn. S.V.-S. ca. 4 m. til merkestein (191) på nordaustre side av vegen til Fitjo,ein gamal merkestein i skoggrensa som var mellom litr.I og J.,vidare s.r. 54,82,9,og 60,9 m. til krossar i berg (192-194) s.r.63,9 m.til merkestein (195),s.r. 61,1 72,7 og 57,8 m. til krossar i berg (196-198) s.r.66,3 m. til merkestein (199) og s.r. 83,5 m. til do. (200). Herfra i retn. V.S.V. 65,3 og 41,7 m. til krossar i stein (201-202),og s.r. 85,5 m. til merkestein (203) i utgangspunktet for 16.og 21. skiftelinje.

16.skiftelinje er grense mellom litr. F.Leif Hjelmevoll på sud-sudaustre side og litr. L.gr.nr. 68 br.nr. 6 Hydle,Arne A.Hydle på den motsette side. Grensa har til i merke nr. 203 i endepunktet for 15.skiftelinje,har same retn. som denne frå merke 200,V.S.V.,28,3 m. til kross i stein (204)s.r.47,4 m. til merkestein (205),s.r. 47,5,47,3,50,7,49,7 og 47,4 m. til krossar i stein (206-210) og s.r.43,3 m. til merkestein (211) på austsida av bekken i Lødalen i utgangspunktet for 23.og 17.skiftelinje som vidare er grense mellom litr. F.Leif Hjelmevoll på sud-sudaust og sudvestre sida og litr.K.gr.nr. 68 br.nr. 4 Bratteteig på motsette sider.Grensa går i retn. V.S.V. frå 16.linje sitt endepunkt,70,2,44 og 38,3 m. til krossar i stein (212-214),s.r. 82,5 m. til merkestein (215) på austre side av vegen til Gunnarsæte . Her vinklar grensa i retn. N.O. 41 m. og 38,7 m. til krossar i stein (216-217), s.r. 50,4 m. til kross i berg (218),s.r. 62,5 m. til merkestein (219) ved Svarthammarbekken,og vidare 6 m. til denne 18.skiftelinje er grense mellom litr. F.på sudaustre side og litr. I Sverre H.Opedal på motsette side.Grensa tar til der 17. linja endar i Svarthammarbekken,fylgjer denne som

grense i retn. S.V.-V. ca. 316 m. til merkestein (220),på nordsida av bekken,der den har sitt utspring på ei myr,s.r. 76 m. til kross i berg (221) i ein bergnolte på øvre -eller nordsida av myra,vidare etter dalen i s.r. 134 m. til kross i stein (222),og s.r.56,4 m. til merkestein 57 i yttergrensa. Det er å merka at 18.skiftelinja fell saman med den gamle skog-grense mellom litr. I og J,K.

19.skiftelinje er grense i kulturfeltet på Fitjomyra mellom litr. J.Sem Dalaker på sudaustre sida og litr. L.Arne A.Hydle på motsett side. Grensa tar til ved Tysso,går i retn. S.S.V. ca.5 m. til merkestein (223)s.r. 58,5 m. til do. (224) og s.r 67,5 m. til kross i stein (225),polygonpunkt 20,på nordsida av vegen til Fitjo i utgangspunktet for

20.skiftelinje som er grense mellom litr. J.Sem Dalaker på sud-austre side og litr. J.Sverre H.Opedal på motsette side, frå Fitjo-veien, i retn. S.V.-S.79,5 , 76,7 , 110,8 , 51,3 , 83,8 , 68,1 og 33,4 m.til merkesteinar (226-232),videre s.r. 84,4 til kross i berg (233) og s.r. 86,1 m. til merkestein (234) i endepunktet for 21.og utgangspunktet for 22.linje.

21.skiftelinje er grense mellom litr. J.Sem Dalaker på nordaustre side og litr. L.Arne A.Hydle på den motsette side. Grensa tar til i merkestein (203) i endepunktet fro 15.og utgangspunktet for 16.skiftelinje,har retn.N.V.½.N.,33,9 m. til kross i stein (235) s.r.41,8 m. til merkestein (236),og s.r. 33 m. til merkestein (234) i endepunktet for 20.og utgangspunktet for

22.skiftelinje som fortsatt har same retn. som den sistskrevne linje og er grense framleis mellom litr.L.på sørvestre og sør-austre side og litr. L.på motsette sider,106 m. til kross i stein (237),s.r. 70,7 m. til merkestein (238),og s.r. 38,8 m. til do. (239) på vestsida av bekken frå Lødalen. Her vinklar grensa i retn. S.V.-V. mot Svarthammarbekken ,52 og 55,5 m.. til merkesteinar (240-241) og vidare s.r. 11 m. til Svarthammar-

bekken. Herfrå fylgjer linja bekken - som før var gamal skog-grense mellom dei tvo bruka - vidare i s.r. ca, 197 m. til endepunktet for 23.linje der denne endar i Svarthammarbekken.

23.skiftelinje er grense mellom litr. L. Arne A.Hydle på nord-austre side og litr. K.Bratteteig på motsette side.Grensa tar til i merkestein 211 i endepunktet for 16.og utgangspunktet for 17.linje,har retn. N.V.-N.24,3 , 78,5 , 22,4 , 46,6 og 48,4 m. til krossar i stein (242-246) og vidare ca. 15 m. til Svarthammarbekken,der 22.linje endar og til utgangspunktet for 24.skiftelinje som er grense mellom litr. K.Bratteteig på søraustre side og litr. I. Sverre H.Opedal på motsett side. Grensa fylgjer Svarthammarbekken opover i retn. S.V.-V.ca.281. m. til emdepunktet for 17 -eller til der 18.linjetar til i Svarthammarbekken.

25.skiftelinje er grense i kulturfeltet på Fitjomyra mellom litr. L.Arne A.Hydle på austsida og litr. K.- Bratteteig på motsett side. Grensa tar til ved Tysso,går i retn. S. 4 m. , 45 m. og 63,5 m. til merkesteinar (247-249) og vidare s.r. 2,5 m. til grensa mot køyrevegen til Fitjo.

26.skiftelinje er grense i kulturfeltet på Fitjotreet mellom litr. K.- ,Bratteteig på austsida og litr. H. gr.nr. 68 br.nr. 1 Hydle,Svein S.Ystås på motsette sider. Grensa tar til ved Tysso i retn. S.S.O.-S.½.S. -fylgjer den gamle grense mellom stølstreea til litr. O.og P.på Fitjo - 35, 48 og 68,4 m til merkesteinar (250-252) og vidare s.r. til den nye stølsvegen over Fitjo,som er planlagd og avlagt på kartet. Den siste merkesteinen (252) står like i nordkanten av vegen.

27.skiftelinje er og grense på Fitjo mellom litr. H.Svein S. Ystås på nordaustsida og litr. I. Sverre H.Opedal på motsett side. Grensa tar til ved Tysso- fylgjer eit gamalt gjerde i retn. S.O.-S. 5,2 , 30 og 15,3 m. til merkesteinar (253-255). Den siste merkesteinen står i grensa for den nye vegen over Fitjo på

nordsida av vegen.

28.skiftelinja er grense mellom hovudteigen til litr. I ,Sverre Opedal på sudaustsida og litr. H.Svein S.Ytsås på motsett side. Grensa tar til ved Fitjo i nordkanten av "Vetlatreet",har retn. S.V.½.V. 11.7 ,115,7 ,og 103,3 m. til merkesteinar (256-258) Den siste 258 på ein liten haug i myra på vestsida av den oppstukne vegen innover frå Fitjo. Vidare s.r. 81 m. til kross i stein (259) s.r. 41,4 m. til merkestein (260) på nedre eller austre side av skogsvegen til Tongeteigvadet forbi Svarthammarmyra,vidare s.r. over vegen 62,8 m.,92,2 og 80,8 m. til krossar i stein (261-263),s.r.42,2 m.til merkestein (264) på bråtet ovafor Svarthammarmyra s.r. 71,5 og 49 m. til krossar i stein (265-266),s.r.101,2 m. til kross i berg (267) s.r.92,2 m. til merkestein (268),under åsfoten ovafor Moltemyr,s.r. 88,1 m. til kross i berg (269) i bråtkanten ovafor myra ,s.r. 119,0 m. til merkestein (270) s.r. 47, og 144,8 m. til krossar i berg (271-272) og s.r. 83,8 m. til merkestein nr. 59 i yttergrensa.

29.skiftelinje er grense mellom hovudteigen til litr.H. Svein S.Ystås på sudaustsida og litr. N. gr.nr. 69 br.nr. 1 Skeie Knut S.Skeie på motsett side. Grensa tar til ved Tysso i søre delen av Løyningsmyrane i Hakestad - Aurdalsfeltet. Grensa har ret.S.V.-V.8,5 m. 78,5 m. og 53,5 m. til merkesteinar (273-275). Vidare s.r. over Grostølselva og inn på Bergo i Hydle-Skeie feltet - 63 m. til merkestein (276) og s.r. 5 m. Bekken som vidare - både før og nå er grense mellom ovaforskrevne bruk. Grensa fylgjer bekken i S.V. retn. ca. 480 m. til kross i stein (277) til det punkt der bekken kløyver seg i tvo greiner,s.r.etter den grein av bekken son går lengst mot sud ca. 140 m. til kross i stor stein på nordsida av bekken (278),s.r. ca. 54 m. til kross i stein (279) der bekken igjen går saman til eitt løp. Vidare etter bekken som nå fylgjer djupaste dalen i s.r. ca. 492 m. til kross i stein (280) i utspringet for bekken og s.r.

ca. 57 m. til merkestein 62 i yttergrensa.

30.skiftelinja er grense mellom litr. N.Knut S. Skeie på sud-austsida og litr. O. gr.nr. 69 br.nr. 2 Skeie,Knut N.Haaheim på motsett side. Grensa tar til på austre side av Løyningsmyra,ved Tysso i Hakestad i Aurdalsfeltet, har retn. S.V.½V. ca. 8 m. og 96 m. til merkesteinar (281-282),framleis over myra og Grostølselva og inn på Bergo-Hydle-Skeie-feltet 77,5 m til merkestein (283) på øvre eller sudvestre side av Grostølselva,s.r. 97,5 m. og 56,7 m. til merkesteinar (284-285), s.r. opover Skeislia 61,9 ,93,1 ,79,7 ,73,2 ,55,1 ,41,4 ,58,0 og 80,8 m. til krossar i steinar (286-293) på øvre sida av vegen frå Tongeteigvadet, s.r. 30,6 m. til kross i berg(294) s.r. 80,4 og 77,2 m. til merkesteinar (295-296).s.r. 64 m. til kross i berg (297) s.r. 44 m.til merkestein (298) s.r. 80 m. til kross i berg (299) og s.r. 103,5 m. til kross i berg nr. 66 i yttergrensa.

31. skiftelinje er grense innan Aurdal Hakestad feltet mellom litr. O. Knut N.Haaheim på sudaustre sida og litera I. gr.nr. 58 br.nr. 1 Aurdal,Lars O.Aurdal på motsett side. Grensa tar til på austre side av Løyningsmyra ved Tysso ,ca. 20 m. sud for Løyningstreet,har retn. S.V.-V.65 m.168,5 m.og 70,3 m. til merkesteinar (300-302). Den siste merkestein nr. 302 står innpå Bergo -Hydle-Skeiefeltet,i nordre kyrna av slåttetreet til Skeie,br.nr. 2 der grensa endar i utgangspunktet for

32.skiftelinje som fortsatt er grense mot litr. O Knut N. Haaheim på sudaust sida og litr. M.gr.nr. 68 br.nr. 7 Hydle Lars M.Hydle sitt dødsbu på motsett side. Grensa har retn. S.V.½V.43,8 og 64,8 m. til krossar i stein (303-304),s.r. 70,4 m. til merkestein (305) på øvre eller vestre side av skogsveien til Tongeteigen,s.r. 86,8 m. til kross i stein (306),s.r. 50,8 m. til merkestein (307) på bakkekanten nedafor ei myr,s.r. 87,5 m. til kross i stein (308) på nordsida

av bekken frå Tongeteigvadet,vidare s.r. ,kryssar bekken tvo gonger og opover vidare i Tongeteiglia, 85,7 og 52,8 m. til krossar i stein (309-310),s.r. 86,4 m. til merkestein (311) som står ca. 48 m. nedafor skogsvegen frå Tongeteigen s.r. 116,1 m. og 94,1 m. til krossar i stein (312-313),s.r. 116,2 m. 88,5 m. og 68,6 m. til krossar i berg (314-316), og s.r. ca. 16 m. til yttergrensa for feltet mot fjellmarka til Prestegaren og Aurdal ved Kleppe.

33.skiftelinje er ein del av yttergrensa mot Hakestad -Aurdal-feltet,regulert etter at yttergrensa mot Aurdal er skreven,den regulerte yttergrense langs Grostølselva mellom dei tvo felt frå nedre eller austre enden av Tongeteigen og oppover eller vestover til 34.skiftelinje,slik at den nedre del av skiftelinja ligg på Bergo-Hydlefeltet og den vestre eller øvre del på Aurdalsida. Skiftelinja er grense mot litr. M. Lars M.Hydles sitt dødsbu på sudsida og litr. I. Lars O.Aurdal på motsett side. Den går ut frå nedre ende av Tongeteigen i retn.V.S.V.-V. 4 m. til kross i stein nr. 317,eit punkt i skoggrensa som var før mellom litr. I og H. s.r. 49 m. til krysshoggen merkestein (318),s.r. 90 m.til merkestein (319) på sudaustre side av Grostølselva ,s.r.114,5 m. til krosshoggen merkestein (320) og s.r. 48 m. til do.merke nr. 321, på nordsida av holmen i Grostølselva på Hakestad -Aurdalskartet i utgangspunktet for 34.skiftelinje som er grense i Tongeteigen mellom litr. M. Lars M.Hydle sitt dødsbu på aust og sudaust sida og litr. B. gr.nr. 53 br.nr. 1 Prestegarden på motsett side.Grensa har retn. S ,går over holmen i Grostølselva og inn på Tongeteigen ,36 m til kross i stein nr. 322 midt på holmen,s.r. 72 m. til merkestein (323) .Her vinklar grensa i retn. S.V.-V. 46,3 m. til merkestein (324),Vidare s.r. over søndre kant av holmen 79 m. til do.(325) på sudsida av holmen,under foten av lia,s.r. oppover lia 99,3 m og 91,5 m. til krossar i berg

(326-327) s.r.62,4 m. til kross i stein (328) s.r. 68,1 m , 52,6 m. og 81,9 m. til krossar i berg (329-331) og vidare ca. 7 - 8 m. til yttergrensa ,14,5 m. nordvest for merke nr. 69 i vegen til kleppe.

Teigane innan feltet og på Løyningsmyra,
er utlagde såleis:

Litr. A. gr.nr. 60 br.nr. 1 Bergo-Lille av skyld mrk. 2,29 med eigar Anders Ø.Bergo er tilagt den mark på begge sider av Riksvegen sin eigedom,som er avgrensa av 2,3. og 4.skiftelinje, av øvre eller vestre grense for Riksvegen sin eigedom mellom 2.skiftelinje og yttergrensa,og av denne frå Riksvegen til 4. skiftelinje (merke nr. 10)

Litr. B. gr.nr. 61 br.nr. 1 Bergo-Medtre av sk.mark 2,37. med eigar Pål L.Bergo er tillagt den mark som er avgrensa av 6., 8.,10.,og 11.skiftelinje og av yttergrensa mot eigi innmark mellom 6.og 8.linje.

Litr. C. gr.nr. 62 br.nr. 1 Bergo-Store av skyld mrk.3,28 med eigar Ingvald Bergo er tillagt den mark som er avgrensa av 7.,8., pg 9. skiftelinje ,av yttergrensa mellom 7.og 9.linje og mellom 7.og 8. linje.

Litr. D. gr.nr. 62 br.nr. 2 av skyld mrk. 0.17 med eigar Synneva Ager er tillagt den mark som er avgrensa av 4.,5., og 6. skiftelinje og av yttergrensa mot eigi innmark mellom 4.og 6. linje.

Litr. E.gr.nr. 62 br.nr. 3 av skyld mrk. 3,19 med eigar Sylfest M.Bergo er tillagt den mark som er avgrensa av 7. skiftelinje og av yttergrensa frå utgangspunktet til endepunktet for nemde 7.linje.

Litr. F. gr.nr. 67 br.nr.1 Hjelmevoll av skyld mrk.8,95 med eigar Leif Hjelmevoll, er tillagt den mark som er avgrensa av 9.,11.,13.,14.,15.,16.,17.,og 18. skiftelinje,av yttergrensa

mellom 9.og 18.linje og av same mot Tysso mellom 13.og 15.linje.
Litr. G. gr.nr. 67 br.nr. 2 Preteteigen,av skyld mrk.1,47 med eigar Jon Hjelmevoll er tillagt den mark på begge sider av Riksvegen sin eigedom som er avgrensa av 3.,5.,10.,12. og 14. linje og av Tysso mellom 3 og 12.linje.
Dertil er bruket tillagt ein teig i samband med eigi innmark på Kløvet ,avgrensa av 1.og 2 linje,av eigi innmark og av Riksvegen sin eigedom mellom dei tvo linjer.
Litr. H.gr.nr. 68 br.nr. 1 Hydle,av skyld mrk. 2,54 med eigar Svein S.Ystaas har fått utlagt ~~xix~~ si mark i tvo teigar:
1.Hovudteigen som er avgrensa av 28.og 29. skiftelinje,av yttergrensa mot fjellet og av Tysso mellom dei tvo nemde linjer.
2.Ein kulturteig på stølen Fitjo ,avgrensa av 26.og 27. linje av Tysso og av den nye stølsvegen sin eigedom mellom dei tvo linjer. Det er å merka at over hovudteigen til litr. H. er utlagt veigrunn til den nye stølsvegen som er påemna,skal leggjast frå stølen Fitjo ,innover til grensa mot Aurdal ved Grostølselva nord for ~~Aust~~ Slåtti veget til gr.nr. 69 br.nr. 2 Skeie.
Litr. I. gr.nr. 68 br.nr. 2 Hydle,av skyld mrk. 3,12 med eigar Sverre H.Opedal er tillagt den mark på begge sider av den nye stølsvegen frå Fitjo som er avgrensa av 18.,20.,24.,27.,og 28.skiftelinje,av yttergrensa mellom 18.og 28. linje,av stølsvegen sin eigedom mellom 20.og 27.linje og av Tysso mellom 27. og 28. linje,med det undantak at dei 4 holmane i Tysso kart. nr. 338,339,404 Og 405 høyrer med til teigen.
Dertil er bruket tillagt ein teig i samband med eigi innmark på kløvet ,avgrensa av 1.skiftelinje,av Riksvegen sin eigedom frå 1.linje - til yttergrensa ~~og~~ av denne for eigi innmark attende til 1.linje.
Litr. J. gr.nr. 68 br.nr. 3 Hydle av skyld mrk. 2,32 med eigar Sem Dalaker har på begge sider av vegen til stølen Fitjo - fått utlagt den mark som er avgrensa av 15.,19.,20.,og 21.skifte-

linje og av yttergrensa mot Tysso mellom 15.og 19.linje.

Litr. K. gr.nr. 68 br.nr. 4 av skyld mrk. 0,73 med eigar Bratteteig. har fått utlagt si mark i tvo teigar.

1.Hovudteigen i Lødalen , avgrensa av 17,23.og 24.linje.

2.Ein kulturteig på stølen Fitjo,avgrensa av 25.og 26. skiftelinje,av stølsvegen over Fitjo og av Tysso mellom disse tvo linjer.

Litr. L. gr.nr. 68 br.nr. 6,Hydle,av skyld mrk. 1,47 med eigar Arne A.Hydle har fått utlagt si mark i tvo teigar.

1.Hovudteigen nedst i Lødalen,avgrensa av 16.,21.,22.,og 23. skiftelinje.

2.Ein kulturteig på myra aust for stølen Fitjo,avgrensa av 19. og 25. skiftelinje,av stølsvegen til Fitjo og av Tysso mellom disse tvo ~~xxxgxx~~.linjer.

Liter. M. gr.nr. 68 br.nr. 7 Hydle,av skyld mrk. ~~1,05~~ 1,05 med eigar Lars M.Hydle sitt dødsbu har fått flytt teigen sin nords i feltet i grensa mot nabofeltet Prestegarden -Aurdal,og bruket har fått den mark som er avgrensa av 32.,33.og 34.skiftelinje,av yttergrensa mot fjellet mellom 32.og 33. linje, og av yttergrensa langs Grødalselva mellom 32 og 33 linje

Litr. N.gr.nr. 69 br.nr. 1 Skeie,av skyld mrk. 2,60 med eigar Knut S.Skeie ,har innan Bergo-Hydle skiftefeltet fått teigen sin lagt ut på begge sider av den påemna nye stølsveg fra Fitjo ,og innan Hakestad -Aurdalfeltet på Løyningsmyra. Den mark bruket er tildelt er avgrensa av 29.og 30.skiftelinje,av yttergrensa mot fjellet og mot Tysso ,mellom disse tvo linjer.

Litr. O. gr.nr. 69 br.nr. 2 Skeie,av skyld mrk. 1,60 med eigar Knut N.Haaheim har (tillike med nabobruket gr.nr. 69 br.nr. 1) -fått lagt ut teigen sin med hovudparten innan Bergo-Skeiefeltet og resten på Løyningsmyra -innan Hakestad-Aurdalfeltet.

Den mark bruket er tildelt er avgrensa av 30.,31.,og 32. skiftelinje,av yttergrensa mot fjellet mellom 30. og 32. linje og av Tysso mellom 30.og 31. linje.

Litr. B. gr.nr. 53 br.nr. 1 Prestegarden av skyld mrk.2,92 med eigar Kyrkjegodset,brukar soknepresten Amlie har fått si mark lagt ut for den største delen i Storlia og Storlimyra innan Hakestad / Aurdalfeltet og resten av sin lodd i Tongeteigen innan Bergo-Hydlefeltet. Den mark Prestegarden er tillagt i Tongeteigen er avgrensa av 34.skiftelinje,frå der linja går innpå Bergo-Hydlefeltet - til endepunktet for linja, av yttergrensa mot fjellet frå 34.linje til Grostølselva og av yttergrensa,mot eigen teig i Storlia langs Grostølselva og midt etter holmen i elva attende til 34.linje.

Litr. I. gr.nr. 58 br.nr. 1 Aurdal av skyld mrk. 1,53 med eigar Lars O.Aurdal. har fått den mark bruket er tillagt innan Bergo/ Hydlefeltet,utlagt på "Hydleøyane" i samband med eigi innmark.Hydleøyane ligg på nordsida av Tysso,og er avgrensa av denne og av yttergrensa for feltet mot eigi innmark.

Oplagsplass ved Tysso atved stølsvegen frå Riksvegen til Fitjo, til felles bruk for eigarane av Hjelmevoll,og Prestteigen,gr.nr. 67 br.nr. 1 og 2,for Hydle gr.nr. 68 br.nr. 1-4 og 6-7,for Skeie gr.nr. 69 br.nr. 1 og 2 og for eigarane av Bergo gr.nr. 61 og 62 br.nr. 1 og br.nr. 1-3 og for Aurdal gr.nr. 58 br.nr. 1.

Til Oplagsplass er utlagt den mark på begge sider av stølsvegen til Fitjo- som er avgrensa av 12 og 13. skiftelinje og av yttergrensa mot Tysso mellom dei tvo linjer.

Under avmerkinga av yttergrensa mot litr. B.Pål Bergo si innmark er det føretatt skjønnsmessige regulering av grensa frå merke nr. 4 til nr. 9. Det same er gjort i grensa mot litr. E. Sylfest Bergo si innmark og i grensa mot utmarka til Børsheim.

Avstandane mellom merke er horisontale mål.

Retningane er skrevne i samsvar med sant nord.

I alle merkesteinar som er sett, der grenselinjene tar til eller skifter retning, er hogde krossar.

Forskjellen mellom sammendraget før og etter utskiftningen kjem av skjønnsmessige avgjerder.

Gjerde.

vart etter retten sitt skjønn delt såleis:

Litr. A. gr.nr. 60 br.nr. 1 Anders Bergo held gjerde i heile 3.og 4.skiftelinje, langs Riksvegen sin eigedom for eigen teig og sitt gamle bøgjerde for eigi innmark.

Litera B. gr.nr. 61 br.nr. 1 Pål Bergo held gjerdei 11.linje frå merke nr. 167 til endepunktet og i samband med dette heile 9.linje. Vidare held bruket gjerde i heile 8.linje og i yttergrensa mot Hydle -Hjelmevoll og Skeie si felles fjellmark frå merke nr. 49 til der 9.linje endar.

Littera C. gr.nr. 62 br.nr. 1 Ingvald Bergo held gjerde i 7.linje frå utgangspunktet til merke nr. 104. I yttergrensa mot Børsheim og Gunnarsæte frå 7.linje sitt endepunkt til merke nr. 49 i yttergrensa på Nedre Gunnarsæter.

Littera D. gr.nr. 62 br.nr. 2 Synneva Ager held gjerde i heile 5 og 6.linje.

Littera E. gr.nr. 62 br.nr. 3 Sylfest Bergo held gjerde i yttergrensa mot Børsheim frå merke nr. 29 til 7.linje sitt endepunkt. Av 7.linje frå merke nr. 104 til endepunktet for linja.

Grannegarden Børsheim held gjerde i yttergrensa frå det punkt der br.nr. 3 sitt innmarksgjerde sluttar under Kjødnahaugen til merke nr. 29 i yttergrensa, der br.nr. 3 i Bergo sitt gjerde tar til.

Gamal bøgar blir å halda som før av eigarane på Bergo.

Littera F. gr.nr. 67 br.nr. 1 Leif Hjelmevoll held gjerde i 11.linje frå utgangspunktet (merke nr. 150) til merke nr. 167. Mot fjellmarka for eigen teig . Heile 15.,16.,17.,og 18. linje.

Littera G. gr.nr. 67 br.nr. 2 Jon Hjelmevoll held gjerde i heile 10.,12. og 14.linje,desutan held han gjerde for eigen innmarksteig på Kløvet.

Littera H. gr.nr. 68 br.nr. 1 Svein S.Ystås held gjerde i heile 27.linje. Mellom endepunktene av 26.og 27.linje mot stølsvegen på Fitjo. Heile 29.linje og for eigen teig mot fjellmarka.

Littera I. gr.nr. 68 br.nr. 2 Sverre H.Opedal held gjerde rundt eige stølstræ på Fitjo med undantak av 27.linje. Heile 28.linje og for eigen teig mot fjellmarka. Dertil for eigen innmarksteig på Kløvet.

Littera J.gr.nr. 68 br.nr. 3 Sem Dalaker. held gjerde i heile 19.,20. og 21. linje.

Littera K. gr.nr. 68 br.nr. 4 ,Bratteteig held gjerde av 23.linje frå merke nr. 244 til endepunktet og i samband med denne heile 24.linje. Dertil heile 26.linje og i samanheng med denne gjerde langs stølsvegen mellom 25.og 26.linje.

Littera L.gr.nr. 68 br.nr. 6 Arne A,Hydle held gjerde av 23. linje frå utgangspunktet til merkenr. 244. Heile 22.linje. Heile 25.linje og i samanheng hermed langs stølsvegen mellom 25. og 19.linje.

Littera M. gr.nr. 68 br.nr. 7 Lars M.Hydle sitt dødsbu held gjerde.i heile 33.linje,av 34.linje frå utgangspunktet til merke nr. 327.

Littera N.gr.nr. 69 br.nr. 1 Knut S.Skeie held gjerde i heile 30.linje og for eigen teig mot fjellmarka.

Littera O. gr.nr. 69 br.nr. 2 Knut N.Haaheim held gjerde i heile 32.linje og for eigen teig mot fjellmarka.

Littera B. gr.nr. 53 br.nr. 1 Prestegarden i Ulvik held gjerde i 34.linje frå merke nr. 327 til endepunktet og i yttergrensa mot fjellet mellom 32.og 34.linje.

Littera I .gr.nr. 58 br.nr. 1 Lars O.Aurdal held gjerde i heile 31.linje og langs Grostølselva frå 31.linje sitt endepunkt til 33.linje sitt utgangspunkt.

Gjerdet skal vera oppført i lovfør stand innan 3 år etter at nokon av dei interesserte partar vitnefast har kravt det.

I fall det er like vanskeleg som nå å skaffa gjerdefang, når den sette tidsfrist er ute,vert tida sett fram enna i 2 år.- altså for tilfelle tilsaman 5 år.

For sømer nokon gjerdeplikta si blir å handla i samsvar med § 18 i lov om jords fredning av 16/5- 1860.

Grindar held kvar i sine gjerdestrekningar.

I fall partane innan skiftefeltet blir samde om å setja gjerde mellom dei einskilde gardsnr.,slik at kvart gr.nr. blir ei beitegruppe,med det undantak at Lars M.Hydle sitt bruk gr.nr. 68 br.nr. 7 som blir tillagt beitegruppa gr.nr. 69 Skeie,blir gjerde å halda slik som nedafor er skreve: I fall ordninga blir vedtatt av allle partar skal gruppedelinga vare i 10 år frå den tid den før sette gjerdefrist går ut. Blir ikkje ordninga sagt opp av partane gjeld ordninga vidare inntil oppseiing sker. Ordninga må sieast opp 2 år før kvar 10 årsbolk går ut. Ved å dela skiftefeltet inn i beitegrupper ,slik at kvart gr.nr. blir innhegna for seg, vil der sparast munarleg gjerde.

Elles blir krav om gjerdet og tida for å setta dette i lovfør stand,slik som sagt under den fullstendige gjerdedeling.

Gjerde innan kvar gjerdegruppe skal haldast såleis:.

Gr.nr. 60 br.nr. 1 Anders Bergo held gjerde på same vis som foran er skreve i den fullstendige gjerdedelinga.

Gr.nr. 61 br.nr. 1 Pål Bergo held gjerde i yttergrensa mot fjellmarka slik som foran i gjerdefordelinga er sagt og dertil heile 9.linje og av 11.linje frå endepunktet til merke nr. 167.

Gr.nr. 62 br.nr. 1 Ingvald Bergo held gjerde i yttergrensa mot Børsheim og mot fjellmarka slik som framafor er sagt i gjerdedelinga.

Gr.nr. 62 br.nr. 2 Synneva Ager held gjerde i heile 5.linje.

Gr.nr. 62 br.nr. 3 Sylfest Bergo held gjerde i yttergrensa mot Børsheim slik som framafor er sagt i gjerdedelinga.

Gr.nr. 67 br.nr. 1 Leif Hjelmevoll held gjerde av11.linje frå utganspunktet til merke nr. 167.

For eigen teig mot fjellmarka og i samband med dette heile 18.linje.

Gr.nr. 67 br.nr. 2 Jon Hjelmevoll held gjerde i heile 10.linje, av 15.linje frå utgangspunktet til merke nr. 198.

Gr.nr. 68 br.nr. 1 Svein S.Ystaas held gjerde for eigen teig mot fjellmarka og i samband hermed av 29.linje frå endepunktet 315 m. nedover frå merke nr. 280.-

Gr.nr. 68 br.nr. 2 Sverre H.Opedal held gjerde mot fjellmarka for eigen teig . Av 29.linje frå utgangspunktet til bekken og vidare langs bekken 188 m.

Gr.nr. 68 br.nr. 3 Sem Dalaker held gjerde i 15.linje frå merke nr. 198 til linja sitt endepunkt og i samband hermed av 16.linje frå utgangspunktet til merke nr. 208.

Gr.nr. 68 br.nr. 4 Bratteteig held gjerde av 17.linje frå merke nr. 215 til linja sitt endepunkt.

Gr.nr. 68 br.nr. 6 Arne A.Hydle gjerder resten av 16.linje frå merke nr. 208 og i samband hermed av 17.linje frå utgangspunktet til merke nr. 215.

Gr.nr. 68 br.nr. 7 Lars M.Hydle sitt dødsbu held gjerde slik som sagt i den før skrevne gjerdedeling.

Gr.nr. 69 br.nr. 1 Knut S.Skeie held gjerde for eigen teig mot fjellmarka.Dessutan 386 m.nedover 29.linje frå det punkt der gr. nr. 68 br.nr. 1 Svein S.Ystås sluttar å halda gjerde. Gr.nr. 69 br.nr. 2 Knut N.Haaheim held gjerde for eigen teig mot fjellmarka og desutan den del av 29.linje som ligg mellom der gr.nr. 68 br.nr. 2 sluttar å gjerda til der gr.nr. 69 br. nr. 1 sin gjerdebolk endar.

Standskogen

Den 18.oktober 1943 var sokgoppsynsmann N.Fløten og varaformann i Ulvik skogråd Sjur S.Uppheim på åstaden og forslag til skogoppgjør vart førelagt. Etter synfaring og gransking av forslaget hadde dei ingen merknad.

Skogoppgjøret blir såleis:

All barskog som nå står på andre sin grunn er talt og kubikrekna. Som grunnlag for prisutrekninga er bruka nåverande maksimalprisar for tømmer,for drifta er frådraget skjønnsmessig. Den del av lauvskogen som er taksert,er talt i famnar og prisen sett skjønnsmessig. Likeins er smågran og plant av gran opptalt og prisen sett skjønnsmessig. Etter det oppgjør som er føretatt blir betalinga for den standskog som er mottatt meir enn levert ,enten å/føretatt ved hogst -eller i kontantar.

Littera C. gr.nr. 62 br.nr. 1 Ingvald Bergo,skal ha for levert standskog.....kr.8681,01

Som betalast såleis:

Litr. A.gr.nr. 60 br.nr. 1 Anders Bergo .....kr.1716,39.
-"- B. -"- 61 -"- 1.Pål Bergo ....." 1211,52.
-"- D. -"- 62 -"- 2.Synneva Ager....." 1332,92.
-"- F. -"- 67 -"- 1.Leif Hjelmevoll..." 4420,18 "8681,01

Littera H.gr.nr. 68 br.nr.1 Svein S.Ystås skal ha for levert standskog.....kr.7242,63

Som betalast såleis:

Litr. G.gr.nr. 67 br.nr. 2 Jon Hjelmevoll.....kr.4924,65

-"- J. -"- 68 br.nr. 3 Sem Dalaker....." 1952,01

-"- K. -"- 68 -"- 4 Bratteteig....." 365,97 k.7242,63

Litra I.gr.nr. 68 br.nr. 2 Sverre H.Opedal skal

for levert standskog.....kr.4912,89

Som betalast såleis:

Litr. F.gr.nr.67 br.nr. 1 Leif Hjelmevoll...kr.3088,76

-"- G. -"- 67 -"- 2 Jon Hjelmevoll...." 1824,13 kr.4912,89

Litr.L.gr.nr. 68 br.nr.6 Arna A.Hydle skal ha

for levert standskog..... kr. 203,13

som betalast av litr. F. Leif Hjelmevoll.

Litr. M. gr.nr. 68 br.nr. 7 Lars M.Hydle sitt dødsbu

skal ha for levert standskog.....kr. 219,24

Som betalast av litr. F. Leif Hjelmevoll.

Litr. N.gr.nr. 69 br.nr. 1 Knut S.Skeie skal ha

for levert standskog.....kr.2767,02

Som betalast såleis:

Litr. E.gr.nr. 62 br.nr. 3 Sylfest Bergo.....kr.1852,06

-"- F. -"- 67 -"- 1.Leif Hjelmevoll..." 914,96kr.2767,02

Litr. O. gr.nr. 69 br.nr.2 Knut N.Haaheim skal

ha for levert standskog.....kr.1925,92

Som betalast av:

Litr. F.gr.nr. 67 br.nr. 1 Leif Hjelmevoll med kr.1534,84

-"- E. -"- 62 -"- 3 Sylfest Bergo ....." 391,08 "1925,92

Litr. I. gr.nr. 58 -"- 1.Lars O. Aurdal skal

for levert standskog.....kr.325,72

som betalast av:

Litr. J.gr.nr. 68 br.nr. 3 Sem Dalaker med kr. 20,09

Av fellesopplagsplass..... " 305,63 kr. 325,72

Liter. L. gr.nr. 58 br.nr. ? Johan Olsen

skal ha for levert standskog .....kr. 2849,68

Som betalast av:

Litr. B. gr.nr. 53 br.nr. 1 Ulvik Prestegard med kr. 818,32.

-"- J. -"- 68 -"- 3 Sem Dalaker....." 2031,36

Kr. 2849,68

Litr. M. gr.nr. 58 br.nr. 8 Lars K.Aurdal skal

ha for levert standskog.....kr.48,96

Som betalast av litr. J. Sem Dalaker med.....kr. 48,96

Litr. N. gr.nr. 58 br.nr.6 Hans O.Aurdal skal

ha levert standskog.....kr. 146,88

Som betalast av litr. J.Sem Dalaker med....." 146,88

Etternemde beløp skal betalast Kontant.

Gr.nr. 60 br.nr. 1 Anders Bergo betalar til gr.nr. 62 br.nr. 1

Ingvald Bergo.....kr. 1716,39

Gr.nr. 61 br.nr. 1.Pål Bergo bet. til den same " 1211,52

Sum kr. 2927,91

Dei nemde beløp skal betalast i tvo like store terminer.

1.termin innan 1.mai 1944 og resten innan 1.mai 1945.

Gr.nr. 67 br.nr. 1 Leif Hjelmevoll betalar til gr.nr. 68 br.nr.

6 Arne Hydle.....kr. 203,13

og til gr.nr.68 br.nr.7 Lars M.Hydle sit dødsbu..." 219,13

kr. 422,26

Summane forfell til betaling innan 1.mai 1944.

Gr.nr. 68 br.nr. 4 Bratteteig betalar til gr.nr. 68 br.nr. 1.

Svein S.Ystås.....kr.365,97

og grnr.68brnr. 3 Sem Dalaker bet.til den same..... " 1952,01

Sum kr. 2317,98

Bratteteig betalar innan 1.mai 1944 og Sem Dalaker med ein

halvpart innan 1.mai 1944 og resten innan 1.mai 1945.

Gr.nr. 68 br.nr. 3 Sem Dalaker betalar til Lars O.Aurdal kr.

20,09

-"- " -"- " oDo. -"- Hans O.Aurdal. kr. 146,88

-"- " -"- " Do. -"- Lars K.Aurdal " 48,96

-"- " -"- " " -"- Johan Olsen ..." 2031,36

Sum..kr. 2247,29

Gr.nr. 53 br.nr. 1 Ulvik Prestegard betalar til Johan Olsen kr. 818,32 .

Sem Dalaker betalar dei pålagde beløp til Lars O.Aurdal,Hans O.Aurdal og Lars K.Aurdal innan 1.mai 1944.

Det beløp som Sem Dalaker og Ulvik Prestegard skuldar til Johan Olsen skal ikkje betalast før standskogoppgjør er halde i skiftefeltet Hakestad -Aurdal.

For å dekka den skog som står att,altså den del som ikkje ovafor er vedtatt å betalast kontant skal der utblinkast til hogst etter forstlege føresegner til dei partar som har xnk skog tilgode.

Denne blinkinga skal føregå i 3 år frå den tid forretningen er bindande for partane,og utførast av skogoppsynsmannen i Ulvik- eller andre som har rett til å føreta blinking. Under blinkinga skal ein av utskiftingsfunksjonærane vera tilstades for å føra rekneskapen og tellelistene. Den utblinka skog skal verdsettast etter same pris som nå er sett i tellelistene. Den som får skog utblinka skal betala skogoppsynsmannen for arbeidet etter gjeldande daglønn. Blinkinga blir utført etter krav frå dei som har skog tilgode. Blinkinga bør helst føregå i deira gamle teigar.

Når 3 årsfristen er ute skal den blinka skog vera hoggen og bortført frå teigen. Innan den sette tid skal også toppstokken vera fjerna.

Etter at hogstida er ute skal grunneigarane løysa inn den skog som står att etter dei prisar som er sette i tellelistene,med det atterhald at ifall prisen på skog har gått opp eller ned, når løysingssummane forfell til utbetaling,skal der til løysingssummane leggjast til - eller dragast frå - altså slik at den attståande skog blir betalt etter dagspris. Løysingssummane forfell til betaling med ein halvdel innan 1.mai året etter at blinkinga er ferdig og med resten 1.mai året der etter.

Den skog som er hoggen i dei nye skiftelinjene kan den gamle eigar ta bort innan 1.mai 1944. Det som ligg att innan denne

tid høyrer grunnen til.

Brake kan den gamle eigar hogga i sine gamle teigar 2 år etter at forretningen er bindande.

Sylfest og Ingvald Bergo kan innan 3 år etter at forretningen er bindande hogga lauvskog i sine gamle teigar som ligg heimafor eller nordaust for Gunnarsætebekken.

Elles er lauvskogen taxt med i taksten og innrekna i løysingssummane.

Vegar.

1.Riksvegen og risvegen sin eigedom gjenom skiftefeltet er urørd av utskiftingen.

2.Veg frå Verafossen slik som avlagt på kartet til Fitjo og vidare over Sverre Opedal sitt stølstræ,over Sverre Opedal, Svein S.Ystås,Knut Skeie ,Knut Haaheim og Lars M.Hydle sitt dødsbu, til grensa mot Lars O.Aurdal sin eigedom . Vegen er stukken i marka og avmerka med merkesteinar etter vegen si midtlinje. Vegen er avlagd på kartet. Denne vegen skal oparbeidast til god køyreveg for hjulreiskap. Den skal vera 3 m. breid utanom grøfter. Vegen skal arbeidast opp etter dette forholdstall.

Gr.nr.	67	br.nr.	1	Leif Hjelmevoll yter	.....6 %
-"-	68	-"-	1.	Svein S.Ystås -"-	.....15 %
-"-	"	-"-	2	Sverre Opedal -"-	.....15 %
-"-	"	-"-	3	Sem Dalaker -"-	..... 6 %
-"-	"	-"-	4	Bratteteig -"-	..... 3 %
-"-	"	-"-	6	Arne Hydle -"-	..... 9 %
-"-	"	-"-	7	Lars M.Hydle sitt dødsbu	....6 %
-"-	69	-"-	1	Knut S.Skeie -"-	.....15 %
-"-	"	-"-	2	Knut Haaheim -"-	.....15 %
-"-	58	-"-	1.	Lars O.Aurdal -"-	.....10 % 100 %

I fall Ulvik Prestegard ,Lars J.Hakestad og Pål Hauge vil

nytta denne vegen som gange eller køyreveg ,skal dei kvar yta 10 dagsverk til opparbeidinga. Til å setta arbeidet i verk blir tilsett eigaren av gr.nr. 69 br.nr. 1 Knut S. Skeie. Han gjer vedtak om når arbeidet skal ta til og dei som er pålagt arbeidsplikt skal da møta til arbeidet. Han fører reknskap over utgift til reiskap og ammunisjon og deler utgiftene etter same forholdstall som arbeidsplikta,. Vedlikehaldet blir delt på same måte.

Forsømer nokon arbeidsplikta si,kan leidaren leige på dennsin kostnad som ikkje yter arbeid. Såvel arbeidspengar som andre utgifter ved vegbygget som ikkje blir betalt, kan drivast inn retsleg. Arbeidet skal ikkje føregå i dei vanlege onnetider.

Vegen skal vera ferdig innan utgangen av 1947.

Arbeidsplan vil bli sendt arbeidsleidaren. Dei nemde partar frå Hakestad skal ikkje yta noko til vedlikehaldet av vegen.

3.Veg frå veg nr.2 frå svingen i fig nr. 354 over Sverre Opedal sin eigedom på austsida av bekken inntil den når den gamle veg gjenom Lødalen ved fig nr. 334,vidare slik som avlagt på kartet oppover Lødalen over litr. L. og K. sine eigedomar til Litr. F. sin eigedom og vidare som stølsveg til Gunnarsæte.

Dei interesserte partar har rett til å omleggja og utbetravegen til køyreveg for vinterkøyring slik dei finn det tenleg for seg. Dei som vil nytta vegen skal delta i dette arbeidet etter manntall.

4.Svarthamman og Tongeteigvegen frå Tongeteigen over litr.O.,N.,H.' og I. sine eigedomar slik som kartet visar -til den møter veg nr.3 ved fig.nr. 354 - eller om dei vil byggja vegen om og la den gå over fig nr. 355 og 352 til den møter veg nr. 2. Denne vegen kan også utbetrast av dei interesserte partar slik dei finn det tenleg for seg.

5. Rett for Leif Hjelmevoll sitt bruk til åkoma fram med tømmer eller ved over litr. L. sin eigedom til han når vegen gjenom

Lødalen. Vegen kan leggjast på lageleg stad.

6.Leif Hjelmevoll sitt bruk har rett til framkomst over litr. B.sin eigedom ved Kjødnena for køyring av tømmer og ved ~~å~~for å nå i vegen gjenom Trådalen eller Smytte.

7.Rett for eigarane på Bergo til vinterkøyreveg på lageleg stad over litr. F. og G. sine eigedomar for å nå i vegen gjeom Trådalen.

8. Veg gjenom Trådalen slik som kartet visar i litr. F. sin eigedom til den felles opplagsplass. Dei interesserte partar kan utbetra vegen gjenom Trådalen slik dei finn det tenleg for seg.

9. Rett for gr.nr. 68 br.nr. 3 til ferdsel over litr. F. sin eigedom ,på lageleg stad i fig.nr. 291 for å nå fram til vegen i Trådalen.

10.Rett for gr.nr. 68 br.nr. 2 til vegen over litr.H. sin eigedom slik som kartet visar mellom fig.nr. 420-422 og til eigen eigedom ~~xxx~~ på lageleg stad gjenom 28.linje,og rett for den same over litr. F .eller H. sin eigedom til vegen i Lødalen.

11.Gr.nr. 60 br.nr.1 har rett på buføre og stølsveg ~~xxxxxxx~~ gjenom litr. D. og B. sin eigedom til han når fram til stølsvegen til Litlastøl og Gunnarsæte.

12.Felles buføre og stølsveg slik som kartet visar over Litlastøl til Gunnarsæte. Frå Litlastøl til Gunnarsæte brukast den vanlege og før brukte stølsveg.

13.Rett på veg for gr.nr. 62 br.nr. 1 over litr. E.sin eigedom utafor Litlastøl.

14.Rett for Pål Bergo til ferdselsveg over Jon Hjelmevoll sitt land på lageleg stad for framkomst med tømmer for å nå i vegen til Trådalen .Vegen må også gå over litr. F.sin eigedom. Denne vegen gjeld særleg for tømmerdrifta i strøket vest for litr. D. sin eigedom.

15. Rett for gr.nr. 62 br.nr. 2 til driftsveg få vinter føret over litr, B. sin eigedom og litr. C. sin eigedom til den når vegen gjenom Smytte. For å driva fram det tømmer som mogeleg blir blinka til uthogst i den teig som nå er utlagt til gr.nr. 62 br.nr. 2 skal den som får blinken tilvist i hogstida ha rett på ferdselsveg gjenom Sopedalen over gr.nr. 60 br.nr. 1 sitt land til Riksvegen ved Koldemyr.

16. Gangeveg til felles bruk frå gardsvegen til Bergo over gr.nr. 60 br.nr. 1 sitt land til Riksvegen ved Koldemyr.

17. Garden Aurdal og Prestegarden i Ulvik har rett på stølsveg gjenom Tongeteigen slik som den før har vore bruka til Aurdals-stølen på Grostøl og Klippe. Dei same partar har også rett på veg frå Storemyr i Aurdalsfeltet over gr.nr. 53 ,Ulvik Prestegard og over gr.nr. 68 br.nr. 7 -til dei når i veg nr. 16.

I fall det skulle visa seg at det i einskilde tilfelle ikkje kan koma fram etter dei skrevne vegar med tømmer eller ved,har dei rett til å ta seg veg på lageleg stad for å koma fram til dei skrevne vegar. I fall dei i slike høve må gå gjenom oppsett gjerde må dette settast i stand att etter at framkomsten er nytta.

Under ordning av vegar innan skiftefeltet kom også spørsmålet om å få felles gardsveg til Bergo på tale. Eigaren av gr.nr. 60 br.nr. 1 Anders Bergo har før på eigen kostnad arbeidt opp køyreveg frå Riksvegen til eigen tun- over skogteigen sin og vidare over eigi innmark . Dei andre bruka på Bergo har hittil mangla brukande køyreveg til garden. I møte med partane der vegordninga var føre,vart eigarane av Bergogardane ,Anders Bergo, Pål Bergo,Ingvald Bergo og Sylfest Bergo, samde om at utskiftingsretten skulde ordna dette vegspørsmål på beste måte ved skilsdom,slik at utskiftingsretten si avgjerd vart bindande for alle partar. Spørsmålet vart kva godtgjersla eigaren av gr.nr.

60 br.nr. 1 Anders Bergo skulle ha av dei andre partar på Bergo for at dei skulle få bruka den veg som Anders Bergo har arbeidt ppp på same vilkår som han sjølv .

Retten har samrøystes tatt såvori avgjerd:

Gr.nr. 61 br.nr. 1 Pål Bergo betalar til eigaren av gr.nr. 60 br.nr. 1...kr. 900.-

-"- 62 -"- 1 Ingvald Bergo.....-"-.... " " 900.-

-"- 62 -"- 2 Synneva Ager .....-"-.... " " 300.-

-"- " -"- 3 Sylfest Bergo.....-"-.... " " 900.-

Sum Kr. 3000.-

Dei pålagde pengesummar skal betalast til gr.nr. 60 br.nr. 1 Anders Bergo innan 1. januar 1944.

Når pengane er betalte ,har dei nemde eigarar på Bergo same rett på køyrevegen frå Riksvegen til tuna sine som Anders Bergo nå har.

Synneva Ager - eller eigaren av gr.nr. 62 br.nr. 2 har ikkje godtatt semja og står fritt. Blir den pålagde sum ikkje betalt til rett tid,har bruket hennar heller ikkje rett til å nytta vegen.

Vegen skal settast i god stand med grøfter og grusing så vegen blir god bilveg. Vedlikehald og istandsetting skal gjerast med like andele av Anders Bergo, Pål Bergo,Ingvald Bergo og Sylfest Bergo. Vil Synneva Ager betala sin andel i vegen blir vedlikehaldet for hennar del 1/3 av det ein av dei andre yter.

Når det gjeld arbeid med istandsetting og vedlikehald -her-i også medrekna snøbrøyting - skal kvar av dei 4 hovudbruka på Bergo ha tilsyn med dette kvar sin 3 årsbolk. Eigaren av gr.nr. 60 br.nr. 1 blir tilsett for dei første 3 år,deretter eigaren av gr.nr. 61 br.nr. 1 ,så eigaren av gr.nr. 62 br.nr. 1 og deretter eigaren av br.nr. 3.

Når eigarane kvar har hatt tilsynet i 3 år tar runden til på nytt. Den som har tilsyn med vegen skal tilseia dei andre til arbeid og ta avgjerd om kor mykje arbeid som skal gjerast.

Arbeidet må ikkje føregå i vanlege onnetider.

Fo-rsømer nokon arbeidsplikta si,kan den som har tilsynet med vegen,leiga etter vanlege arbeidsprisar,på den sin kostnad som ikkje møter til arbeid, og driva utlegget inn retsleg. Utlegg til reiskap og ammunisjon skal leidaren føra rekneskap over og dela etter same forholdstall som fastsett for vedlikehaldet. Blir dei utlikna utgifter ikkje betalt ,kan disse retslåg drivast inn.

Vegen frå gr.nr. 60 br.nr. 1 sitt tun,vidare til dei andre Bergogardar blir å halda som før.

I tilfelle vassmangel har gr.nr. 61 br.nr. 1 Pål Bergo rett på veg over gr.nr. 62 br.nr. 1 og 3 sitt land for å henta vatn i Gunnarsætebekken -eller Hjltnebekken.

Elveregulering.

Spørsmålet om å regulera elva Tysso ved senkning av elveløpet frå Verafossen og oppover elva har før vore på tale,og planar for dette senkningsarbeidet med kostnadsoverslag vart 1929 arbeidt ut av fylkesagronom H.Å.Berge. Planen vart dengong lagt tilsides grunna mangel på tilsluttning frå dei interesserte partar.

Nå etter utskiftingen er eigedomstilhøva for den interesserte jord omlagt og skal det bli mogeleg og nytta ut til fullnads den jord som ligg rundt elva,må planen om å senka elveløpet bli sett ut i livet.

I fall planen nå ikkje blir gjenomført vil ein ikkje ha noko nytte av utskiftingen for ein stor del av verdefull jord som ikkje berre kan gjerast nyttig som kulturbeite,men som også kan kultiverast for åker og eng.

Utskiftingsretten har difor vedtatt å påleggja dei interesserte å gjenomføra den utarbeide senkningsplan ,under føresetnad av at der blir gitt den vanlege økonomiske støtte frå det offentlege.

For å få dette arbeid sett i verk var fylkesagronom Henry Oma på åstaden den 20/10 - 1943 og føretok ny kostnadsrekning for

arbeidet og skreiv ny tilrådning om pengestudnad. Utskiftingsretten vil gi tiltaket sin beste tilråding. Der vil bli vedlagt dokumentet ,arealoppgave for kvart br.nr. som er interessert. Samstunds som kvart br.nr. sin andel vil bli tildelt i prosent av den kostnad som blir att etter at det venta statstilskott er gått ifrå. Som leidar for å få arbeidet sett i verk blir tilsett eigaren av gr.nr. 58 br.nr. 1 Lars O.Aurdal,som i si tid - og så snart det let seg gjera vil få alle dokumenter tilsende for vidare handsaming.

Med frådrag av venta statstilskott skal etternemde gr.nr. og br.nr. yta til dekning av det som står att ,disse prosentvise tilskott.

Gr.nr. 68 br.nr. 1.Svein Ystås yter.....20 %
-"- " -"- 2 Sverre Opedal -"-..... 7 %
-"- " -"- 3 Sem Dalaker -"- ..... 8 %
-"- " -"- 4 Bratteteig -"-..... .7 %
-"- " -"- 6 Arne A.Hydle -"-..... 8 %
-"- 58 -"- 1 Lars O.Aurdal -"-..... 43 %
-"- " -"- 4 Johan Olsen -"-.....4 %
-"- " -"- 6 Hans O.Aurdal -"-.....3 % 100 %

Når ein tar omsyn til at dei bruk som er interesserte har heller små vidder heime,kan det ikkje vera tvil om at arbeidet ved å senka elva må vera til stor nytte og heilt forsvarleg.

Husflyttinga.

Etter utskiftingen blir det turvande å flytta disse slølshus og utløer:

Gr.nr. 68 br.nr. 1 Svein S.Ystaas flytter ei utløai fig.nr. 402 på Hydleøyane for.....kr. 100.-
Dertil ei utløa på sitt gamle støslstrø for ....." 150.-
Vidare eit stølshus -"- -"- "....." 300.-"550,-
Gr.nr. 68 br.nr. 2 Sverre Opedal flytter ei utløa på Hydleøyane for.....Kr. 125.-"125.-
of.kr. 675.-

of. kr. 675.-

Gr.nr.67 br.nr. 2 Jon Hjelmevoll flytter ei
utløa frå Hydleøyane for.....kr. 70.-
Dertil eit stølshus på Fitjo for....." 300.- " 370.-
Gr.nr. 68 br.nr. 3,4 og 7 Sem Dalaker,Bratteteig,
og Lars M.Hydle sitt dødsbu flytter eit
stølshus frå Fitjo....." 325.-
Gr.nr. 68 br.nr. 6 Arne Hydle flytter eit stølshus
frå Fitjo for....." 300.-
Gr.nr. 69 br.nr. 1 Knut Skeie flytter eit
stølshus frå Fitjo for....." 250.-
Gr.nr. 69 br.nr. 2 Knut Haaheim flytter eit stølshus
frå Fitjo for....." 300.-
Gr.nr. 62 br.nr. 3 Sylfest Bergo flytter ei
utløa på Litlastøl for....." 50.-

Sum kr.2270.-

Retten har funne at der ikkje kan påleggjast gr.nr. 60, 61 og 62 nokon flyttningskostnad når det gjeld stølshus og utløer innan Hjlmevollgr.nr. 67,Hydle gr.nr. 68 og Skeie gr.nr. 69.

Den samla flyttningskostnad på Bergo blir såleis kr. 50.-
Resten blir å betala av dei før nemde gr.nr.
Etter dette skal husflyttinga betalast såleis:
Kostnaden er utrekna etter smørskylda.

Gr.nr. 67	br.nr.1	Leif Hjelmevoll	.....yter	kr.	579,13
-"-	" -"-	2 Jon Hjelmevoll	.....(-"-	"	169,07
-"-	68 -"-	1 Svein S.Ytås	..... -"-	"	257,39
-"-	" -"-	2 Sverre Opedal	..... -"-	"	257,39
-"-	" -"-	3 Sem Dalaker	.....--"-	"	230,56
-"-	" -"-	4 Bratteteig	..... -"-	"	79,50
-"-	" -"-	6 Arne Hydle	.....-"-	"	128,70
-"-	" -"-	7 Lars M.Hydle sit dødsbu		-"-	" 132,17

of. " 1833,91

40. of.kr. 1833,91

Gr.nr. 69 br.nr. 1 Knut Skeie.....yter kr. 193,05

-"- " -"- 2. Knut Haaheim.....-"- " 193,04

Kr. 2220.-

Utlikninga.

Gr.nr. 68 br.nr. 1 Svein S.Ystås skal ha for flytting kr.550.-

Betalar eige pliktig bidrag.....kr. 257,39

Gr.nr. 67 br.nr. 1 Leif Hjelmevoll bet. " 292,61 " 550.-

Gr.nr. 68 br.nr. 2 Sverre Opedal skal ha for flytting Kr.125.-

Betalar eige pliktig bidrag....." 125

Gr.nr.67 br.nr.2 Jon Hjelmevoll skal ha for flytting...Kr.370.-

Betalar eige pliktig bidrag.....kr.169,07

Gr.nr. 67 br.nr. 1 Leif Hjelmevoll bet. " 200,93 ...." 370.-

Gr.nr. 68 br.nr. 3 Sem Dalaker skal ha for flytting....kr.108,34

Betalar eige pliktig bidarg....." 108,34

Gr.nr. 68 br.nr. 4 Brattetaig skal ha for flytting.....Kr.108,33

Betallar eige pliktig bidrag.....kr. 79,50

Gr.nr. 67 brnr.1 Leif Hjelmevoll .." 28,83....." 108,33

Gr.nr. 68 br.nr. 7 Lars M.Hydle sdødsbu skal ha for flyt.108,33

Betalat eige pliktig bidrag..... kr.108,33

Gr.nr. 68 br.nr. 6 Arne Hydle skal ha for flytting...kr. 300.-

Betåår eige pliktig bidrag kr.128,70

gr.nr. 67 br.nr. 1 Leif Hjelmevoll betalar." 56.76

-"- 68 -"- 7 Lars M.Hydle -"- " 23.84

-"- " -"- 2 Sverre Opedal -"- " 90,70 Kr. 300.-

Gr,nr. 69 br.nr. 1 Knut Skeie skal ha for flytting ...Kr. 250.-

Betalar eige pliktig bidrag.....kr. 193,05

Gr.nr. 68 br.nr. 2 Sverre Opedal betalar...." 41,69

-"- 68 -"- 3 Sem Dalaker -"- " 15,26 kr. 250.-

Gr.nr. 69 br.nr. 2 Kunt Haaheim skal ha for flytting.." 300.-

Betalar eige pliktig bidrag .....kr. 193,04

Gr.nr. 68 br.nr. 3 Sem Dalaker bet. " 106,96 ...." 300.-

.10

Gr.nr. 62 br.nr. 3 Sylfest Bergo skal ha for flytting ..kr.50.-
Betalar eige pliktig bidrag.....kr. 12,50
Gr.nr. 60 br.nr. 1 Anders Bergo bet. " 12,50
-"- 61 -"- 2 Pål Bergo " " 12,50
-"- 62 -"- 1 Ingvald Bergo " " 12,50 ....." 50.-

Husa skal vera flytte og tomtene overlevert til den nye eigar når veg nr. 2 er bygd ferdig. Altså innan utgangen av 1947.

Innan denne tid skal dei pålagde husflyttingsbeløp vera betalt til rette vedkomande.

Gr.nr. 62 br.nr. 3 flytter løa si på Litlastøl innan 2 år etter at forretningen er vorten bindande. Innan den tid forfell dei pålagde beløp til betaling.

Elverettar i elva Tysso er ikkje rørde av utskiftingen.

Under føresetnad av at forretningen kan sluttast idag den 22/10 vart det denne

Kostnad. ----------Sum kr. 2322,33

Frågår for handlangarhjelp under trianguleringa som blir å overføra til Hakestad-Aurdalsfeltet kr. 80.-
For Reiskap som kan nyttast seinare....." 12.- 92.-

Rest sum kr . 2230,33

Som etter utskiftingsrettens sitt skjønn vart delt såleis:

Utlikninga av utskiftingskostnadem

Gr.nr.	58	br.nr.	1	Lars O.Aurdal betalar.....kr.	100.-
-"-	60	-"-	1	Anders Bergo -"- ....."	170,74
-"-	61	-"-	1	Pål Bergo -"- ....."	192,08
-"-	62	-"-	1	Ingvald Bergo -"- ....."	131,61
-"-	"	-"-	2	Synneva Ager -"- ....."	20,97
-"-	"	-"-	3	Sylfest Bergo -"- ....."	142,28
-"-	67	-"-	1	Leif Hjelmevoll -"-....."	384,17
-"-	"	-"-	2	Jon Hjelmevoll -"- ....."	112,15
-"-	68	-"-	1	Svein S.Ystås -"- ....."	170,74
-"-	"	-"-	2	Sverre Opedal ..-"- ....."	170,74

Gr.nr. 68 br.nr. 3 Sem Dalaker betalar.....kr.152,94
-"- " -"- 4 Bratteteig -"- ....." 52,74
-"- " -"- 6 Arne A.Hydle -"- ....." 85,37
-"- " -"- 7 Lars M.Hydle sitt dødsbu....." 87,68
-"- 69 -"- 1. Knut S.Skeie. -"- ....." 128.06
-"- " -"- 2 Knut N.Haaheim -"-....." 128,06

Sum kr. 2230,33

Slutning.

Framanfor skrevne utskiftingsforretning over utmarka til gr.nr. 60,61,62,67,68 og 69 Bergogardane,Hjelmevoll,Hydle og Skeie i Ulvik herad tar til å gjelda 22.desember 1943.

Forretningen står til påanke 2 månader frå idag 22/10 - 1943.

Formannen gjorde greie for anketida og ankemåten og utskiftingslova sine føresegner om anke vart lesne. Kostnaden ved forretningen skal betalast av rekvirenten til formannen innan 15.dagar frå idag 22/10 - 1943. Innan same tid skal dei andre partar betala attende til rekvirenten dei summar dei er pålagde. Kostnaden er betalt ved rekvirenten Anders Bergo.

Alle ytingar som framafor er pålagde er pålagde i samsvar med lov av 13/8-1915.

Tinglyst utskrift av forretningen blir å ta vare på av eigaren av gr.nr. 60 br.nr. 1. Utskrifta er til fritt bruk for alle interesserte partar.

Den 22/10 - 1943 vart rettsboka lesen for : Sem Dalaker,Anders Bergo,Pål Bergo,Knut Skeie,Leif Hjelmevoll,Arne Hydle,LarsO.Aurdal, Ingvald Bergo,Hans O.Aurdal,Johannes Røgenes,Nils Bratteteig,Jon Hjelmevoll,og verja hans Sjur Sponheim,Lars P Bergo,Svein S. Ystaas og Sylfest Bergo.

På spurnad hadde ingen noko å merka til sakshandsaming eller bokføringa. Utlånte dokument er levert attende.

Olav Meland. Per Lid. S.M.Rondestveit.

For utskrift 20ark.
a.kr.2 -kr.20.-Betalt.
Olav Meland

Avskrifta er rett
Olav Meland

Utskiftingsformannen i Hardanger
Norheimsund

Prosess-skjema nr. 3.
(Hovudførehaving med domsmenn.)

Voss Heradsrett
Sak nr. 1/1961-B
Dok. nr. 10 Vedl. nr.

Rettsbok

for

Voss skjöns- rett

Overskjön.
Hovudførehaving

År 19 61 den 9. juni vart det halde rett rett i Marta Bergo sitt hus i Ulvik.

Rettsformann: Sorenskrivar Nils Faaberg.

Skjönsmenn: Domsmenn: 1. Gardbr. Olmod Sygnestveit, Ulvik, 2. gardbr. Sigurd Hallanger, Osa, 3. gardbr. Johan Öydvin, Ulvik, og 4, gardbr. Sigurd Hjeltnes, Bagnstrond, som alle

har gjeve lovnad på tru og ære før.

Bokførar: Rettsformannen.

Sak nr. 1/1961-B.

Saksøkjar: Ulvik herad v/ ordförareb, Ulvik.

Prosessfullmektig:

Saksøkt: 1. Marta Bergo, eigar av gnr. 60, bnr. 1 i Ulvik.
2. Lars Bergo, " " " 61, " 1 i "
3. Ingvald Bergo," " " 62, " 1 og 2 i Ulvik.
4. Sylfest Bergo," " " 62, " 3 i "

Prosessfullmektig:

Saka gjeld: Overskjön med tilföre av oreignigg av veggrunn til bygdevegen frå riksvegen til Bergo i Ulvik og deling av den del av byggekostnaden som fell på dei interesserte.

skal Marta Bergo betala kr. 0,15 pr. m²
Denne godtgjersla blir å dra frå godtgjersla under II.

IV. 1/5 av utgiftene til veganlegget og utgifter til veggrun slik som nemnt framanfor blir å dela på dei interesserte slik:

a. Marta Bergo, som eigar av gnr. 60, bnr. 1 i Ulvik med 16 %
b. Lars Bergo, " " " " 61, bnr. 1 i " " 28 %
c. Ingvald Bergo, " " " " 62, " 1 og2 i " " 28 %
d. Sylfest Bergo " " " " 62, " 3 i " " 28 %.

V. Ulvik kommune blir tilplikta å bera dei lovsette utgiftene med overskjønet og blir tilplikta å betala til Lars Bergo, Ingvald Bergo, Sylfest Bergo og Marta Bergo for desse utgiftene innan 2 - to-veker etter mottekne oppgåve frå retten.

Overskjönet vart lesi opp for opne dörer utan at nokon av partane av partane eller målsmenn for dei var til stades ved opplesinga. Partane vil difor få tilseiing om overskjönet gjennom rek. brevs.

Rettsmötet slutt.

Johan Fidjen Sigurd Hallangen.
Olmod Syrnestuen Sigurd Hallaul.

Hordaland jordskifterett

Dok 2

ORSKURD

Dato: 17.12.2021

Sted: Jordskifteretten sitt kontor i Bergen

Saksnr.: 21-180585REN-JHOD/JVOS BERGO

Saka gjeld: Begjæring av midlertidig forføyning

Jordskiftedommar: Jordskiftedommar Svein Linga

Til behandling: Kravet om midlertidig forføyning

Partar	Prosessfullmektigar	Kommune	Gnr.	Bnr.
Egil Klubben		Ulvik (4620)	60	1

Orskurda gjeld
Orskurda gjeld krav datert 24. november 2021frå Egil Klubben om: Begjæring av øyeblikkelig midlertidig forføyning som følgje av pågående krenkelser av voldgiftsdom og til avverging av tvangssalg.

Heimel
Orskurda blir gjort med heimel i jordskiftelova § 6-4.

Bakgrunn

Frå kravet siterast fylgjande:
Egil Klubben mot Ulvik Herad:
Begjæring av øyeblikkelig midlertidig forføyning som følge av tidligere og pågående krenkelser av voldgiftsdom og til avverging av tvangssalg.

Fomålet med ein midlertidig forføyning er å få sikra eller gjennomføra eit krav midlertidig fram til ei endeleg avgjerd ligg føre. Om retten forstår begjæringen rett så er det kravet som ein her ynskjer å sikra: voldgiftsdommen frå 1943, altså eit krav frå om lag 80 år sidan og såleis for lengst er rettskraftig. Retten kan ikkje sjå at det såleis er noko krav som ein på denne måten i dag har trong for å sikra i påvente av noko endeleg avgjerd.
Retten oppfattar at dette òg er dykkar oppfatning sidan det står i brevet: *Spørsmålet som saken gjelder er tidligere avgjort endelig ved voldgiftsdom som er fortsatt rettskraftig og tinglyst.*

Ei slik begjæring om midlertidig forføyning ville jordskifteretten uansett ikkje kunna ta stilling til. Jordskifteretten er ein særdomstol med positivt avgrensa kompetanse. Det inneber at i motsetnad til dei ordinære domstolane, kan berre jordskifteretten ta under handsaming dei sakene der det direkte i lova går fram at jordskiftretten kan handsama saka. Ein slik kompetanse vil ikkje jordskifteretten ha i denne saka. Uttrykt på ein forenkla måte: «dette verktøyet er ikkje ein del av jordskifteretten si verktøykasse».

Ut frå framstillinga dykkar i brevet kan det synast som at det ikkje er full semje om verknadane av denne voldgiftsdommen og om i kva grad den har blitt etterlevd. Retten finn difor grunn til å orientera om at denne type spørsmål òg vil liggja utanfor jordskifteretten sin kompetanse. Eventuelle tvistar om slike spørsmål kan bringast inn for dei ordinære domstolane.

ORSKURD

Jordskifteretten er med bakgrunn i dette i samsvar med jordskiftelova § 6-4 komen til orskurd med slik

slutning

Vilkåra for å handsama kravet om midlertidig forføyning er ikkje til stades.

Anke
Avgjerda kan ankast til Gulating lagmannsrett. Ankefristen er 1 – ein – månad etter forkynningsdato.

17.12.2021

Svein Linga
jordskiftedommar

Rett kopi



Kari Nestaas Ruud
saksbehandlar

Kjennelse sak 23-107603TVA-THOD

Dokumentet er signert digitalt av følgende undertegnere:

- EGIL KLUBBEN, signert 23.04.2024 med ID-Porten: BankID



Det signerte dokumentet innholder

- En forside med informasjon om signaturene
- Alle originaldokumenter med signaturer på hver side
- Digitale signaturer



Dokumentet er forseglet av Posten Norge

